

EIDFJORD NYTT



Jaktbygda Eidfjord • Fják sjokolade • Oddveig Petra Bu • Ekspedisjon Knerten

- Ordføraren har ordet -

Kommunale vigslar

Isamband med kommunereforma vart det varsle at kommunane skulle få nye oppgåver. Stortinget har så langt fylgt dette opp ved mellom anna å vedta endringar i ekteskapslova. Endringa fører til at vigselsmynde vert overført frå tingretten til kommunane med verknad frå 1.januar 2018. Kommunane må difor utarbeida og vedta retningsliner og rutinar for borgarlege vigslar før årsskiftet.

Saka om overføringa av vigselsmynde til kommunen er handsama av formannskapet, og når Eidfjordnytt kjem ut har også kommunestyret hatt saka oppe til endeleg avgjerd. Det går fram av lova at mynde til å via par som vil gifta seg borgarleg er gjeve direkte til ordførar og varaordførar. I tillegg kan kommunestyret gje tilsvarande mynde til andre namngjevne folkevalde eller kommunalt tilsette. Dersom kommunestyret fylger tilrådinga frå formannskapet, vil rådmannen og einingsleiar for kultur også få vigselsmynde i Eidfjord. Vigselsmyndet er gjeve i kraft av stilling, men er likevel personlege. Formannskapet tilrår vidare at kommunestyresalen og Galleri Bergslien vert seremonirom for kommunale borgarlege vigslar i Eidfjord kommune.

Dette utelukkar ikkje at andre stader i kommunen kan nyttast til vigselsstad. Det skal lagast ei forskrift om betaling



Hardanger tingrett, som fram til 31. desember skal ha ansvaret for borgarlege vigslar i vårt område, har utført denne tenesta på ein framifrå måte. Tingretten har i snitt hatt om lag 50 vigslar kvart år, og det siste året var det personar frå 13 ulike land som vart vigsla. Når no Stortinget har vedteke at kommunane skal overta denne oppgåva, vonar eg dei som vil gifta seg får ei like god oppleveling av seremonien. For min eigen

for kommunale vigslar. Tilbodet skal vera gratis for kommunen sine eigne innbyggjarar, og for innbyggjarar som ikkje er busette i Noreg. Retningslinene for borgarleg vigsel og betalingssatsane vil i si heilheit verta tilgjengelege på Eidfjord kommune sine heimesider når kommunestyret har gjort sitt vedtak 18. desember.

Kommunale vigslar vert praktisert i fleire land. Fleire av kommunane i våre naboland, Danmark og Sverige, konkurrerer om å vera den beste brudlaupscommunen i samspel med lokalt næringsliv. Ein brudlaupsseremoni kan vera enkel med berre brudeparet og to vitne, eller stor-slagen, med mange gjestar og ei feiring over fleire dagar. I Eidfjord har me fleire overnattings- og serveringsbedrifter som eg er viss på vil laga ei verdig ramme for brudlaupsfesten enten den er liten eller stor.

Til slutt vil eg presisera at det er den borgarlege vigselsretten som vert overført til kommunen. For dei som ynskjer ein kyrkleig vigselsseremoni er det ingen endring. Eg er viss på at dei para som ynskjer dette, alltid vert godt mottekte av kyrkja sine tenestefolk.

Eg ynskjer alle ei riktig god jol og eit godt nytt år.

An ved Johan Tveit
-ordførar-

Innhald

4	Jaktbygda Eidfjord	28	Førpremiere: Ekspedisjon Knerten
6	Hardangerviddatunnelene	29	Eidfjordtunnelen
7	Innføring i Diabetes type 2	32	Uteskule 5.- 7. klasse
8	Restaurering av gamal ferdsselsveg	33	Klimadugnad
10	Fjåk sjokolade	36	Dig That Crazy Santa Claus
11	Bunker Oil	38	Barnehagelærarar i Modnen barnehage
12	Nytt frå Destinasjon Eidfjord	40	Lions Club
15	Nytt frå Bygdaheimen	42	Nye eigalar ved Vik pensjonat og hytter
16	50-års feiring av Lægreid skule	44	Politireforma
23	Portrett: Oddveig Petra Bu	46	Toneskredo jolekonsert
25	Haustfesten i Hardinglaget	47	Lokalhistorisk butikk
26	Turiststiar i Sysendalen	48	Jolegrantenning

EidfjordNytt
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Brynjulf Mugaas
Geir Underhaug
Lisbet B. Celik
Margunn Lægreid

Grafisk Produksjon:
VOSS PRENTEVERK AS

Foto: René Rørvik



Jaktbygda Eidfjord



Tekst: Glenn Wiik / Foto: Endre Lægreid og Gunnvall Medhus

Ahausta av naturen har alltid vore viktig for folk i Eidfjord. Jakt og fiske har lange tradisjonar. Reinskjøt, rype og fjellaure frå vidda – laks og sjøaure frå elvane. Etter kvart har det også vorte hjorte- og elgjakt. Frå gammalt har jakt og fangst vore ei viktig kjelde til matauk og livskvalitet.

No for tida er jakt og fiske meir ein kjær hobby enn naudsynt matauk, men den naturopplevinga og spenninga som følger med skal ein ikkje undervurdera. Det er ikkje mykje som slår å oppleva villreinflokkar i høgfjellet eller røsket i fiskestonga når kilosauen slår til.

Diverre har det gått nedover både med jakta og fisket dei siste åra. Villreinen har ikkje brukt nordvest-vidda i jakttida,

rypebestanden har vore ikkje jaktbar og vill-laksen er freda pga. stadig svakare bestand.

Difor er det ekstra gledeleg at det i år vart eit kjærkome oppsving i villreinjakra. Dei første 14 dagane i jakta var så godt som heile villreinstammen på Hardangervidda samla på Eidfjord sitt terrengr. Fleire unge jegerar fekk oppleva jakt på sitt beste og har fått minne for livet.

Mange av ungdomane har vore med på jakt lenge før dei sjølv fekk bera våpen. Dei fleste har ein far eller ei mor eller ein slekting som er ivrig jegar – slik vert kunnskap og ferdigheter overført frå ein generasjon til den neste. Det er ikkje mykje som slår villreinjakt i vakker høgfjellsnatur.



Hardangerviddatunnelene

Rv 7 Hardangervidda endeleg bestemt å vera ein hovudveg aust-vest.

Hardangerviddatunnelene AS ein av aktørane.

Hardangerviddatunnelene AS er eit Selskap har som hovedformål å etablere sikker helårsveg over Hardangervidda gjennom bygging av tunnelar. Selskapet er eigd av 6 kommunar i Hardanger og Hallingdal, på begge sider av Rv 7 Hardangervidda. Leiv Vambheim er engasjert i ein delstilling til å drifta selskapet. Me vil med dette gje ei oppdatering status hausten 2017

Funksjonsfordeling Rv 7 og RV 52.

Norske styresmakter har for aller første gong i historia bestemt å funksjonsfordela ein transportkorridor mellom næringstrafikk og persontrafikk. Dette gjeld mellom Rv 52 Hemsedal (næringstrafikk) og Rv7 Hardangervidda (persontrafikk). Dette vil gje alle trafikantane i korridoren 5b aust-vest tryggare veg. Stortinget har avslutta diskusjonen om å velja den eine framføre den andre. Denne likestilte funksjonsfordeling må munna ut i likestilte føresetnader for vegfarande og likestilte prioriteringar. Med denne fordelinga så vil ikkje stigningsforholda i Måbødalen vera til hinder for trafikkavviklinga. Dessutan så er persontrafikken langt meir sårbar for kolonnestenging og kolonneavvisning enn tungtransporten. Det må derfor prioriterast sterkare vintersikring for persontrafikken.

Handlingsprogrammet for Nasjonal Transportplan 2018 – 2023(29) seier:

«Konseptvalgutredninger (KVU) med ekstern kvalitetssikring (KS1) KVU for rv 7 og rv 52 Gol - Voss ble behandlet

av regjeringen i 2017. Regjeringen har tidligere besluttet at den ene hovedvegforbindelsen mellom Østlandet og Vestlandet skal gå via E134 over Haukel. KVUen for rv 7 og rv 52 Gol – Voss ble det vurdert om den andre hovedvegforbindelsen skal gå over Hardangervidda eller via Hemsedal. KVUen anbefalte via Hemsedal, på begge sider av Rv 7 Hardangervidda. Bl.a. på grunnlag av KVUen har Samferdselsdepartementet lagt til grunn at rv 7 og rv 52 sammen skal utgjøre den andre hovedvegforbindelsen øst-vest. Det legges opp til en funksjonsdeling mellom korridorene, hvor rv 52 skal være hovedvegforbindelse for næringstrafikk mens det skal satses på rv 7 som hovedvegforbindelse for reiseliv og persontrafikk. Når KS1 er gjennomført, vil Samferdselsdepartementet ta stilling til ambisjonsnivå for videre planlegging av utbedringer på strekningen på rv 7 over Hardangervidda.»



Vidare arbeid.

Stortinget har sett av 300 mill kr til Rv 7 og 500 mill kr til Rv 52. Midlane til Rv 7 vil Vegvesenet bruka aust for Gol. Desse midlane må flyttast til tiltak på sjølve vidda mellom Haugastøl og Leiro. Brev om dette er sendt. Påtrykk er nødvendig.

Tekst: Leiv Vambheim

Det må bli fortgang i arbeidet med KS1 (Kvalitetsikring) av KVU Hardangervidda. Det er mykje planarbeid og mange avgjerder som skal fattast både lokalt og sentralt. Tidsperspektivet er usikkert, men håpet er første spaden i jorda i 2020.

KVU tilrår eit første steg med tunnel på 6,25 km under Dyranuten. Prislappen kan fort verta ein milliard kroner. Dette må innarbeidast i NTP. På sikt må me jobba for at dei 4 andre miljøtunnelane aust for Skulevika skal koma. Men utan aktiv trykk frå alle krefter som vil køyra Hardangervidda går prioriteringar og vegmidlar til andre prosjekt.

Pressemelding frå sammøte 13.11.2017 i Eidfjord

«IS Rv7, Hardangerviddatunnelene AS og Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen har felles mål om å vidareutvikla Rv7 som hovudvegsamband mellom aust og vest.

Stortinget gjorde våren 2017 vedtak om at det skal vera ei funksjonsdeling mellom to vegar, Rv52 og Rv7. Dette er nyskapande i norsk samanheng. Rv7 skal vera hovudvegsamband mellom aust og vest, for reiseliv og persontrafikk.

IS Rv7, Hardangerviddatunnelene AS og Aksjonsgruppa for Hardangerviddatunnelen vil arbeida for utvikling av Rv7 som hovudvegsamband mellom aust og vest, for reiseliv og persontrafikk. I denne samanheng vil partane arbeida for realisering av konsept K2 korte tunnelar, over Hardangervidda, med oppstart 2020-2021.»

Diabetes type 2

Ei lita innføring i diabetes type 2



Tekst: Diabetessjukepleier Laila L. Hereid

Diabetes type 2 er eit aukande problem i Noreg og rundt 350 000 nordmenn har det. Av desse har 175 000 diabetes utan sjølv å veta om det, og kvart år får anslagsvis 6000-7000 diagnosene her i landet.

Type 2 diabetes skuldast dels at insulinet verkar for dårlig, eller at ein har for lite insulin. Dei fleste med type 2 diabetes har såkalla insulinresistens; det betyr at insulinet i kroppen ikkje verkar som det skal.

Symtoma ved diabetes type 2 kan vera utydelege og vanskelege å oppdaga. Går du lenge med sjukdomen før den blir påvist, vil du sannsynlegvis føla deg slapp og sliten og kanskje unormalt tyst. Normalt skal eit langtidsblodsukker ligga mellom 4-6 mmoll/l.

Fysisk aktivitet vil bidra til å redusera blodsukker og vekt, i tillegg til at det har mentale fordeler som for mange vil kunna bidra til betre sjukdomshandtering. Nokre synes at det er tungt å koma i gang med fysisk aktivitet, då er det viktig å gjera noko ein kjenner at ein meistrar og likar (gå turar, sykla, symja, jogga, styrketrening osb). Det er også viktig at ein held på den gode laurdagen, og kunna kosa seg med litt ekstra, men unngå at det blir laurdag kvar dag.

"Alle monnar drar, og eit par små forbeteringar kan til saman utgjera ein stor forskjell"

Helsedirektoratet anbefaler personar med diabetes type 2 det samme kosthaldet og fysiske aktivitetene som det norske folk forøvrig. Det er å eta sunn og variert mat, og ha minst 150 minutt anstrengande aktivitet i veka.

Menneske er skapt for å føretrekka kalorrik mat for å overleva, og det krev ofte veldig mykje av den einskilde å gå imot dette instinktet. Det skal seiast at eg trur alle kan få til litt forbetering dersom ein er motivert og ynskjer det.

"Det er lurt å lyfta blikket og spørja seg sjølv kvifor ein i det heile teke ynskjer å ha eit sunt blodsukker - då vil ein finna viktige ting å fokusere på"

Hovudårsaka til at ein behandler det høge blodsukkeret, er at det på sikt gjev auka risiko for mange alvorlege sjukdomar som td. hjarteinfarkt, hjerneslag og nyresvikt. Andre komplikasjoner er nedsett syn og føtsår pga nevropati.

Ein bør også angripa andre risikofaktorar for desse sjukdomane, som å droppa røyken, ha eit moderat alkoholforbruk og eit tåleleg stressnivå i kvardagen. Kolesterol (fettstoffer i blodet) bør også få ein årleg sjekk med ein blodprøve på legekontoret.

Dersom ein opplever sosial støtte rundt seg (kollegaer, vener, familie, helsepersonell) er det også meir sannsynleg at ein vil vera fysisk aktiv. Alle med diabetes bør også passa ekstra godt på blodtrykket, då høgt BT aukar risikoene for seinskadar.

Dei siste åra har også teknologi, som mobilappar kome som eit bidrag til å støtte endring av levevanar. For eksempel kan ein sjå kor fysisk aktiv ein er, kva ein et og korleis dette påverkar blodsukkeret. Dersom ein ikkje klarer å redusera blodsukkeret med mat og fysisk aktivitet i ein periode på 1-3 mnd, blir det nødvendig å behandle det høge blodsukkeret med tabletta og/eller insulin. Det finst ein "jungel" av medisinar med forskjellig verknad, men ein startar vanlegvis med Metformin, som fystelinjebehandling når kostregulering og fysisk aktivitet ikkje er nok.



Anved testar om bruha held det ho lovar

Restaurering av gamal ferdelsveg i Kvamsdal

Eid fjord kommune er det mange gamle stiane og vegane vorte overtekte av naturen.

Anved bestemte seg for å gjera ein innsats, og byrja på gamlevegen frå garden sommaren 2016. Garden vart nedlagt i 1990 og etter det har bruken av gamlevegen vorten mindre aktuell. Hovudproblem var at det var livsfarleg å gå der. Brua fekk difor 1.prioritet. Anved fekk tak i ei gammal ferist som no ikkje var nadsynt og har nytt den som fundament for ny bru som er 2 x 3 meter. Passa perfekt. Oppå fundamentet av stål ligg det no trykkimpregnerte kraftige materialer som han har fått av Bygger'n. Med praktisk innsikt, gjennomtenkt konstruksjon og kvalifisert snikkararbeid har Anved sytt for at den nye bruha skin som ei perle mellom treleggene, innbydane og solid for fleire tiår framover.

Eid fjordingane er fjellvante og har nyttta ressursane i fjellet i mange hundre år. Frå kvar ein krok går det ein sti eller ein smal veg til fjells. Ofte ser ein at det er lagt ned mykje arbeid med muring og bruer slik at det skal gå greit å ta seg fram både for folk og dyr. Etter kvart som den nye tid har fått meir plass, har óg nye vegar funne sin plass opp liene. No er det bil og traktor som gjeld. Og med det har dei



Gjenbruk av gammal ferist



Kanskje på tide å gjera noko?



Etter rydding av skog og kratt er gamlevegen ganske så innbydande.

Neste steg er rydding av skog og kratt i og langs vegen. Anved har planen klar og har motivasjon og ungdommeleg energi til å kasta seg i arbeidet med å fullføra dette flotte prosjektet. Bilvegen opp Kvamsdal, som vart bygd i 1962, er ein populær trimveg for mange sprekingar

i bygda. Når gamlevegen står ferdig, vil nok mange leggja turen etter den. Det har ein eigen sjarm og historisk sus å ferdast på ein veg som har vore så viktig for folk i bygda i mange generasjoner før oss. Så får me håpo og tru at mange legg ruta etter den nye gamlevegen når han står

ferdig. Og kanskje vart du óg inspirert til å vera med og rydda og restaurera gamle stiar og ferdelsvegar. Det er alltid bruk for sterke hender og det er mykje å ta tak i.

HEREIDSJØEN

Foto: Oddmund Hereid

Legging av ny isolert avlaupsleiding ved Hereidsjøen. Her har klokken tidlegare blitt pumpa opp i Hereidsvegen.



LANG OG TRU TENESTE I EIDFJORD KOMMUNE

Tekst: Elisabet Joleik / Foto: Lisbeth B. Celik

4 tilsette hadde no 25 år samanhengande teneste i Eid fjord kommune. Desse er: Anne Inger Lægreid, Britt Conny Hagen, Frede Olausen og Ingebjørg Olsen.

14. november inviterte arbeidsgjevar til festmiddag for å markera dette, og få høve til å gje dei ei påskjønning for lang og tru teneste i Eid fjord kommune.



Frå venstre: Anne Inger Lægreid, Ingebjørg Olsen, Frede Olausen og ordforar Anved Johan Tveit



FJÅK – sjokolade

Tekst: Glenn Wiik / foto: Agurtxane Concello

Handlagt kvalitetssjokolade vert produsert 3 stader i Noreg – ein av dei er i Eidfjord. Det er gründerane Agurtxane Concellon og Siv Hereid som står bak føretaket som har vorte ein suksess frå fyrste stund. Dei har bestillingar frå ulike verksamder fjern og nær og klarer ikkje halda tritt med etterspurnaden. Dei berre elskar dette arbeidet, og sjokoladefabrikken i Eidfjord har fått nett den starten dei hadde håpa på.

Agurtxane byrja å laga sjokolade frå grunnen av i 2015, med «prøva og feila-metoden.» Seinare har ho studert hos Ecole Chocolat, og ho kom til eit punk der ho måtte ta ei avgjerd om å satsa eller ikkje. Med på laget fekk ho sin gode ven Siv.

Inspirasjonen har ho i hovudsak henta frå USA og Storbritannia, og sidan det er veldig få produsentar i Skandinavia såg dei mogleheten til å fylla dette tomrommet med norsk handlagt sjokolade og med norske smakar.

Fjåk er med heile vegen, frå bønner til ferdig produkt. Berre dei beste råvarene slepp gjennom hålaugen. Råvarene vert nøyte kontrollert. Ulike bønnesortar gjev ulike produkt med ulik smak, til dømes 70% mørk Madagascar med reinsdyrslav og tyttebær. Kanskje noko til kaffien i jola?

Dersom du synst at dette var interessant, kan du lesa meir på heimesida: www.fjaaak.no



24.november 2017 var det offisiell opning av Bunker Oil sin 65 drivstoffpumpestasjon. Det var ikkje tilfeldig at den vart lagt til Eidfjord. Her går mykje av trafikken mellom aust og vest, med berre ein bensinstasjon frå før var det rom for konkurransen og med planar for truck-stopp er lokaliseringa framtdsretta.

Bunker Oil har hovudsete i Ålesund. Det 25 år gamle selskapet leverer drivstoff til alle typar farty langs kysten i tillegg til pumpestasjonar spreidd over store delar av vestlandet og Nord-Noreg.

Bunker Oil leiger areal til pumpestasjonen av Bjørn Lægreid. Her er det god plass til store køyrety, og med ny asfalt over heile området er det lagt godt til rette for brukarane. Pumpestasjonen leverer bensin, diesel med og utan farge og AdBlue, all betaling med kort.

Når truck-stoppen er etablert, vert det plass til 18 vogntog, kvilerom m/ dusj og toalett for trailersjåførar. Det betyr toalett også for andre reisande. Dette utvida tilbodet kan gje 4-5 arbeidsplassar på sikt ifylge Bjørn Lægreid



UTLODNING AV BILETE TIL INNTEKT FOR BARNE OG UNGDOMSARBEIDET.

Tekst: Elise Sæle

Etter at bladet til kyrkja kom ut (Kyrkjeglytten) fekk me i kyrkja ein førespurnad frå Sigrid Nilsen Sæd. Ho lurtar på om me var interessaert i å få eit bilet som me kunne lodd ut til inntekt for barne og ungdomsarbeidet.

Me i kyrkja syntes dette var ei framifrå god idé og melde dette tilbake til Sigrid. Ho gjekk straks i gong med å mala og no står det eit flott innramma bilet i kyrkja. Motivet er frå Kjeåsen slik som det var der før i tida.

Dette skal me loda ut og startskote går rett etter ljosmessa 1. søndag i advent. Etter dette kan ein kjøpa lodd på kyrkjekontoret i arbeidstida. Eit lodd koster kr. 50,- Planen er å ha trekking av biletet på Joletrefesten soknerådet arrangerer 2. nyttårsdag.

Adressa til heimesida: www.eidfjordkyrkje.no



Nytt frå Destinasjon Eidfjord

Ein rekordsommar er over

Det er interessant å sjå kor mange som går inn dørene på turistkontoret i løpet av ein sesong! Og kundeteljaren vår har talt: 128.366 personar gjekk inn dørene våre i perioden frå april t.o.m. september 2017, mot 107.610 i same periode i fjor. Dette seier litt om kor travelt det har vore i skranken i sommar, ikkje berre på cruisedagar. Også på ein helt vanleg sommardag utan cruisegjestar kan det vera over 1.000 gjestar innom turistkontoret.



Seinhaust på Hardangervidda. Foto: Kjersti Woll

Sjølv sagt er det slik at ein stor auke i cruisegjestar påverkar talet, og det at me sel billettar og aktivitetar til cruisegjestane gjer at det er ekstra travelt desse dagane. I år har me hatt 75 cruiseanløp med 103.390 passasjerar til Eidfjord, mot 49 anløp med 71.077 passasjerar i fjor. Passasjerane kjem hovudsakleg frå Tyskland, USA og Storbritannia.

Me kan røpa at me har selt billettar og aktivitetar over skranken på turistkontoret for meir enn 4,2 mill. kr i sommar, 63% meir enn i fjor. Hurra for oss og sommarhjelpene våre! Neste år ser også veldig bra ut, med 86 anløp på lista vår pr. i dag.

Me ser kor viktig cruise er for oss og verksamdene i Eidfjord. Ein tenker gjerne at dei 860 kronene som kvar cruisegjest

i gjennomsnitt legg att i Noreg pr. dag ikkje er så mykje, samanlikna med det ein landbasert turist legg att. Men fakta er at cruisetrafikken i Eidfjord dannar eit godt grunnlag for oppstart av nye verksemder eller utviding av eksisterande verksemder. Og kundegruppa som kjem frå cruiseskip er enkle i forhold til andre grupper: Me veit på førehand kven dei er, me veit når dei kjem, me veit kor mange dei er, me veit kva dei treng, og me veit kva dei vil kjøpa (nesten alltid).

Utbygginga ved Vøringsfossen og fornyingar ved Hardangervidda Natursenter Eidfjord (frå 2018 vil det heite Norsk Natursenter) er store ting som skapar auka interesse for destinasjonen, ikkje berre blant cruiserederia. Når me i tillegg får fleire nye, mindre nisjeprodukt å tilby i bygda vår, er alt dette med på å

dra fleire både dagsbesökande og overnattingsgjestar til Eidfjord.

Fakta om cruise i Eidfjord

Eidfjord er med i diskusjonar og arbeid som har fokus på berekraft, cruise & miljø.

Cruise Destination Hardangerfjord var, som einaste norske hamn, partner i EU-prosjektet «Cruise Gateway, berekraftig cruiseturisme». Prosjektet vart avslutta i 2013, og som resultat av dette introduserte Eidfjord eit øvre tak på 4.000 passasjerar og 2 skip pr. dag. Det klarer me å handtera på ein god måte. Tidlegare hadde me ikkje bestillingar over dette taket, men etter at utbygginga på Fossli og Natursenteret starta, er etterspurnaden aukande. Difor er



Vøringsfossen. Foto: Sigmund Krøvel-Velle



Utsiktpunkt på Vøringsfossen. Foto: Lars Grimsby

Eidfjord no «fullbooka» heile 26 dagar dei neste 2 åra.

Det er særstakt viktig å unngå masseturisme, stress og lange køar i Eidfjord. Difor reiser nær 60% av passasjerane på tur, dei fleste til Fossli og Hardangervidda. Natursenteret er også populært. Mange går tur med guide rundt Hereid, andre prøver kajakk eller sykkel. Nokre reiser til Lofthus, Ulvik eller Flåm og Geilo. Sesongen startar i april og varer til langt ut i oktober. Ved hjelp av ein «cruisekalender» som ligg på nettsidene, kan rederi og agentar sjå kva dagar det alle reie ligg skip til kai, og kva dagar som er ledige. På dette viset vert trafikken spreidd ut over både tid og geografi.

Frå 2015 vart krava til drivstoff skjerpa. Grensa for svovelutslepp er max 0,1%. Alle skip med byggstart etter 2016 må vera utstyrt med maskineri som reduserer utsleppa med 75% i forhold til tidlegare krav. Dette kravet motiverer til LNG (liquefied natural gas = flytande gass), hybrid løysingar, avanserte renseanlegg, batteri og hydrogen.

Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord, har vore i kontakt med samlede rederi som skal til Hardangerfjorden neste år. Han har bedt om konkret info om cruiseskipa deira har moglegheit til å kopla seg til landstrøm. Og han har bedt om ei vurdering av dette for framtida. Med unntak av AIDAsol er ingen av cruiseskipa utstyrt for landstrøm. AIDAsol kan imidlertid ikkje bruka landstrøm andre stader enn på spesialanlegg i Hamburg. Me vert ikkje tilrådd å investera i anlegg i land.

Holland America Lines seier at pengane er betre nyttia viiss me brukar dei

på infrastruktur og marknadsføring. Carnival Cruises satsar no på LNG på fleire av gruppas kontraherte skip.

Vidare var Helge på "Green Port Day" konferansen i Bergen i haust, der tema var landstrøm. Delegatar frå fleire europeiske land + USA var tilstades, og det var føredrag frå hamner, leverandørar, forskarar og rederi. Helge skriv:

«Mitt inntrykk er at landstrøm til nød kan betale seg for havn og skip hvis skatt og moms på elektrisitetene fjernes og at havneavgiftene reduseres med minst 50%. Videre må anlegget være i bruk store deler av sesongen. Pr i dag er det ikke skip i norske farvann som kan kobles til landstrøm, og disse vil trolig heller ikke bli utbedret. I Europa er det kun Hamburg og Livorno som har anlegg, i USA og Canada 11 havner. Av totale utslepp i Hamburg havn står containerskip for 70% og cruiseskip 2,4%.

Hva LNG angår kan 8 europeiske havner ha muligheter for bunkring via tankbil. LNG vil også være renere og adskillig billigere enn landstrøm. Et skip kan seile i 14 dager uten bunkring av LNG, så 7-14 dagers cruise fra Hamburg vil kunne gjennomføres.

I tillegg vil det bli prøvet ut hydrogen i 2022/23.

Hva angår røyk fra scrubbers er denne ofte brunlig. Dette er imidlertid vann-damp, og ved å tilsette vann etter «vasking» vil fargen bli hvitare.

Med andre ord; landstrøm er ikke aktuelt i Hardangerfjorden, hverken på kort eller lang sikt.»

I haust vart Eidfjord saman med fleire andre hamner i Noreg einige om ein modell, EPI (Environmental Port Index), som i framtida skal kunna rekna ut miljøpåverking frå skip i cruisehamnene. Det vil vera ideelt å få til ei prisdifferensiering i hamneavgiftene også i Eidfjord, dvs ei belønning i form av økonomiske fordelar til dei mest miljøeffektive skipa når dei ligg til kai.

Ein sesong går fort – og no er det snart jol

Me i Destinasjon Eidfjord AS takkar for godt samarbeid og ser fram til fortettinga med dei 54 avtalepartnarane våre som består av reiselivsrelaterte verksmedar i og rundt Eidfjord.

Styret i Destinasjon Eidfjord består av dyktige folk som er aktivt med oss heile året. Ved førre generalforsamling fekk me nye medlemer inn i styret vårt som no består av Britt Mona Eidnes (styreleiar), Bergljot Maria Veivåg, Steinar Rinaldo, Tor Fredrik Müller og Ivan Løvheim.

Me seier tusen takk til Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord som også i 2018 vil jobba hardt for å få cruisegjestar til Eidfjord.

Me takkar også dei flinke sommarhjelpane våre for ein flott sesong, både mannskapet på cruisekaia, guidane i Sima kraftverk, og vertane på turistkontoret. Me gler oss til neste sesong!

Me jentene på kaien ynskjer alle ei riktig god jolehelg og eit godt og framgangsrikt nytt år!



Eit spennande opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø.
Restaurant med norsk matkultur kombinert med det moderne kjøkken.

A modern experience centre for Norwegian nature, climate and environment.
A restaurant serving unique, traditional and modern cuisine.

Norsk Natursenter, N-5784, Øvre Eidfjord, Norway

P +47 53 67 40 00 | www.norsknatursenter.no



Nytt frå Bygdaheimen



Utsikt frå arbeidstova på Bygdaheimen ein varm sommardag

NYTT TRIM-TILBOD PÅ BYGDAHEIMEN

Tekst: Gunn Sandvik / Foto:Grethe Maurseth

Bygdaheimen har kjøpt inn ein Motiview sykkel. Dette er ein sykkel som kan syklast frå stol eller rullestol. Du kan trø sjølv eller sykkelen kan trø for deg og føtene fylgjer berre med. I tillegg kan du velgja tur i nærmiljøet eller kor som helst i Norges land. Me har førebels fire turar i vårt nærmiljø og får fire nye turar til våren. Me har mellom anna nyttat legatmidlar til kjøpet og me håpar sykkelen vert til glede for mange!

BYGGJESTATUS

Tekst: Erik Sandvik / Foto: Arne Bu

Det er no eitt år sidan dei fysiske byggearbeida med den nye bygdaheimen starta. Vinteren 2017 gjekk med til å etablere ein midlertidig sjukeheim som vart teke i bruk av pleie- og omsorgstenesta like over påske. Drifta av tenesta i desse lokalra har frem til no gått over all forventning.

Etter påske har arbeidet med sjukeheimen vore lite synleg for bygda då det stort sett har foregått grunnarbeid. No er arbeidet kome opp av grunnen og me kan sjå store endringar på bygget nesten for kvar dag som går. Og det må me dersom me skal bli ferdige i tide. Byggingen av den nye bygdaheimen skal som kjent skje i to fasar; fase 1 er den nye sjukeheimen med 20 plassar og fase 2 er bygging av 10 nye omsorgsbustader.

Me er pr. dato i rute med byggingen. Det betyr at me skal ha tett råbygg på sjukeheimsdelen no i januar og ein ny sjukeheim som er klar for innflytting sein sommaren 2018. Etter dette skal den midlertidige sjukeheimen rivas og dei nye omsorgsbustadene byggast slik at dei kan stå ferdige til innflytting i september/oktober 2019.



Per Kvammen på «tur» innover langs elva mot vatnet.



Her ser ein korleis nybygget vil ta seg ut



Byggjestatus sett frå fugleperspektiv

Me håper bileta gjev eit lite inntrykk av den hektiske byggeprosessen som foregår og alt som skjer og fortsatt må skje fram til me kan ta omsorgssenteret i full bruk.

50 års feiring på Lægreid skule

Fødselsdagsfest med aktivitetar, song og kake!


Tekst og foto: skuleavis Lægreid skule

14. november 2017 fylte Lægreid skule 50 år! Det blei feira med kake, song og talar. Tidlegare lærarar, elevar, noverande elevar og foreldre kom og fekk eit innblikk i kva elevane jobbar med. Alle klassane hadde stasjonar som bygdafolket fekk vere med og sjå på.

Vi var rundt og såg kva dei gjorde på dei ulike aktivitetane.

- 1. og 2. klasse hadde ulike matematikkstasjonar. Stasjonsundervisning er noko vi brukar mykje på Lægreid skule.

- 3. og 4. klasse viste fram korleis dei kan kode komandoar både i programmet scratch og i figurane som kan køyre der dei får kommando til. Vidare viste nokre av elevane kva dei kan bruke crea-za til gjennom teikneserie og eventyr.



Vi har intervjua to tidlegare elevar på Lægreid skule

Susann Hotle, lærar ved Lægreid skule

Det var veldig lærerikt og kjekt å gå på skule her med små klassar. Godt miljø. Me var cirka like mange på skulen som det er i dag. Eg likte best samfunnsfag, og minst matte. Grunnen til at eg blei lærar var at eg hadde tenkt på det lenge og hadde lyst. Eg likar å vera lærar fordi eg likar å jobbe med menneske. Det eg ser er annleis frå då eg gjekk på skulen her, er at det har komt andre måtar å læra på. Det er meir på PC no.

Anved Johan Tveit, ordførar

Eg begynte på skulen her i 6. klasse, då skulen var ny. Den var veldig flott. Eg var den siste som gjekk på skule i Simadalen. Eg gjekk 2.-5. klasse på gamleskulen. Skulen har vorte påbygd to gongar etter at eg gjekk her, så den har blitt ganske annleis. Det var mange klassar som hadde undervisning i lag. Eg likte best matte. Det var 60 elevar på skulen på det meste.

Noko som er annleis no enn frå då eg gjekk på skulen her er at me hadde ikkje data, då var det bøker som var tingan.

Skulen fekk ei gave frå Eidford kommunen på 20.000 kroner. Desse vert brukt på meir ikt utstyr.



Gullhagen Anleggsdrift AS

Tlf. 99 29 38 18

GULLHAGEN ANLEGGSDRIFT AS DRIVER MED GRAVING AV INFRASTRUKTUR,
TOMTER, FJELSPRENGNING, STEINMURING.

Vi har samarbeid med Sandehytta vest AS på Garen/Sysendalen området.

Vi tar på oss små og store oppdrag.



KOLSKÅR & UTNE A/S
RØYRLEGGJARFIRMA
EIDFJORD - GRANVIN - ULVIK

Kontakt:

Jon Kolskår - tlf. 905 46 548
Rolf Utne - tlf. 913 77 113

E-post: post@kolskarutne.no
www.kolskarutne.no



Sandehytter Vest AS – Øvre Eidfjord
Lokalt selskap som leverer nøkkelferdige hytter i Sysendalen.

Utviklingen av nye hyttefelt fortsetter sommeren 2017;
Rypelia, på solrike, nordsiden av Rv-7 mellom Garen og Maurseth
Leiro, Flotte tomter øverst i dalen, like før bommen til Hardangervidda.
Vi har hytter under bygging som kan fremvises til enhver tid.

For mer info. kontakt:

PARADIS EIENDOMSMEGLING AS, PARADIS.

Tlf.: 5560 4032 - Mobil: 9341 1748 - E-mail: perry@paradiseiendom.no



Ein ekte lokalbank
- med plass til deg!

Foto: Erik Østlie

Kva er ein ekte lokalbank for deg?

Me tenker på ein bank som brenn for lokalsamfunna og som står til teneste for bygdefolk og lokalt næringsliv.

Voss Sparebank har i 175 år hatt dette som fokus. I løpet av desse åra har me blitt godt kjende med innbyggjarane i indre Hordaland. Me kjenner bygdelivet og marknaden godt, og tilbyr både personleg service og digitale tenester.


Me har autoriserte rådgjevarar innan finans og forsikring som står til di teneste. Voss Sparebank er i god utvikling og ynskjer nye og eksisterande kundar velkomne innom til ein prat.

Telefon: 56 52 03 00
E-post: post@vossabanken.no
www.vossabanken.no

Ta kontakt for ein triveleg samtale!

VOSS
SPAREBANK

Besso
Turisthytte



post@besso.no

tlf: 957 26 170

www.besso.no

- Den koselige hytta med den gode maten
midt på Hardangervidda -

Norconsult

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtenester samt arkitekt- og planetenester. Me er for tida 23 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samttale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført. Me ynskjer å vera din lokale leverandør av arkitekt-, plan- og ingeniørtenester.

www.norconsult.com



Kontakt Eidfjord:
Lægreidsv. 2A (Sentrumstunet)
5783 Eidfjord
tlf: 53 64 70 88/ 95 75 88 06
epost: endre.lægreid@norconsult.com

Norconsult



BYGGER'N

Byggern Eidfjord Byggevarer AS

- Din lokale byggeleverandør av Hiba hus og Hiba hytter -

Me leverer det meste innan byggevarer, trelast, maling, verktøy, gulv, baderomspanel, garasje, Marbodal kjøkken og Langlo garderobeløysing.

Ta turen innom din lokale byggeleverandør, for eit godt tilbod.



Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering

Kafe & Kremmeri

A la carte

Lukka lag

Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt

www.eidfiordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64



Statkraft

Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane.

Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping tilsvarende 2 Mrd/NOK/år
Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summar kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger.
Vertskommunane til Statkraft har også store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

www.statkraft.no


Bygge hytte eller hus? Velg lokal leverandør. Høy kvalitet. Gode tilbud.



www.ffbygg.no



tlf.: 91124980



Hardanger Økonomiservice AS

autorisert rekneskapsførarselskap · www.hardanger1.no

ODDVEIG PETRA BU

90

Tekst: Glenn Wiik



Nyutdanna sjuklepleiar i 1956

Oddveig har eit langt og meiningfullt liv bak seg. I dag bur ho på Bygdaheimen og har det veldig godt der, men ho ser gjerne tilbake på gode og sterke minne frå eit spanande yrkesliv og minne etter eit langt og godt ekteskap.

Oddveig var født i Bremanger i 1927 som nr. 6 i ein syskenflokk på 9. Familien vart smitta med tuberkulose og 4 av søskena fekk sjukdommen, og ein bror døydde berre 3 år gammal. Faren var fiskar med eigen båt og levnærte familien på havets grøde og det som eit lite småbruk kunne gje. Oddveig ynskte å gjera noko heilt anna, og i avisas Dagen såg ho ein dag ei annonse om ledig stilling med variert arbeid ute og inne på ein sentral plass i Hardanger. Slik kom ho til Bu første gongen. Og i 17.mai-toget i 1946 møtte ho for første gong mannen som seinare skulle verta hennar livs store kjærleik, Gunvall Bu.

Gunvall var leiar i Ungdomslaget og ein feiande flott kar, og Oddveig var ikkje upåverka av møtet. Sjølv om ho hadde fått sterke kjensler for Gunvall denne sommaren, var trøng til å få seg ei utdanning enno sterkare. Etter sommararbeidet på Bu reiste ho til Framnes Ungdomsskule, tok teoretisk line, og deretter gjekk ho på Husstell- og matlagingslinna. Etter det vart det utdanning i Barne- og barselspleie i Bergen med praksis på Kvinneklinikken. Og som ikkje det var nok tok ho også jordmorutdanning. Etter dette fullførte ho 3-årig sjukepleiarutdanning og var to år som sjukepleiar ved Haukeland sjukhus. Så valde ho å sökje eit vikariat som jordmor i eitt og eit halvt år i Kirkenes for å få meir utfordring og erfaring som jordmor.

Oddveig hadde jobba målmedvite og hardt i mange år og hadde solid utdanning

og praksis og kunne no velja og vraka i utfordrande stillingar. Ho fekk tilbod om stilling som oversøster på Haukeland, men det var noko anna som freista meir. Ho hadde ikkje gløymd Gunvall. Kjenslene for han hadde berre vorte sterkare og sterkare, og ho bestemte seg for å ta sitt livs viktigaste val. Ho flytta til Bu og til Gunvall og gifta seg 1959. Ho fekk jobb som helseøster og jordmor i Eidfjord og Ullensvang. Mor vart ho fyrste gong i 1960, og den gongen varte svangerskapspermisjon i «heile» 4 veker før ho måtte ut arbeid igjen. Det var ikkje så vanleg den gongen, men Oddveig var ei travel utarbeidande kvinne og Gunvall dreiv gyllenlærarbeidet, stelte heime og tok seg av barn.



Barnekontroll

Det gjorde han veldig godt, seier Oddveig. Og middagen hadde han på bordet når ho kom heim. Oddveig kan ikkje få fullrost mannen sin nok.

Mykle har endra seg sidan ho byrja som helseøster i Ullensvang i 1959. Etter kvart vart stillinga utvida til å gjelda eit stort geografisk område – frå Maurseth til Stana på austsida og frå Vines til Nå på vestsida. Som helseøster hadde ho ansvaret med barnekontroll, spedbarnskontroll, husmorkontroll,

skulekontroll, samt kontroll av campingplassar. Det vart mange lange dagar og mykje reising med buss, ferje og i byrjinga vart også trøsykkel nytta. Slik kunne ho ikkje halda fram om ho skulle rekka alt, så ho kjøpte seg bil i 1961 – Renault Daufin. Det var ikkje mange damer som freste rundt i eigen bil i 1961. I tillegg var ho mellom dei første i bygda som fekk installert telefon i huset for å kunne vera tilgjengeleg som jordmor. Denne telefonen vart også til glede for andre som hadde bruk for å få eller gje viktige meldingar til omverda.

Arbeidsdagen var ikkje slutt når ho kom heim om kvelden. Sprøyter og sprøytnåler måtte kokast og steriliserast, eingongsutstyr fanst ikkje. Kontorarbeid vart også gjerne kveldsarbeid. Det vart difor eit stort framsteg i arbeidstilhøve då det vart bygt eigen helsestasjon i samband med oppføring av heradshuset i Kinsarvik i 1968-69.

Oddveig var òg tilsett som jordmor. Det vart mange fylgjeturar med fødande til Odda sjukhus, i allslags ver og føre og til alle tider på døgnet i private bilar eller i drosje. Det hende og at ho måtte stilla som fylgje ved tvangsinnlegging av psykiatriske pasientar på Valen.

I bygda fungerte ho som «lokal poliklinikk og akuttottak» for bygdefolk som hadde behov for sjukepleiarstjenester. Ved fleire høve vart ho også tilkalla for å stella døde personar etter ulukker og andre dødsfall. Det var ofte ingen andre å spørja som hadde naudsynt fagkunnskap. Oddveig stilte alltid opp sjølv om mange av desse oppgåvene låg langt utanfor hennar arbeidsoppgåver som helseøster.

Arbeidet som helseøster i Eidfjord og Ullensvang hadde ho i 18 år. I 1977

byrja ho som nattevakt på sjukeheimen Ulvesand på Lofthus, og i 1979 byrja ho som nattevakt på sjukeheimen i Eidfjord. Her var ho til ho pensjonerte seg i 1994.

Gunvall døydde 1.påskedag i år, men Oddveig er sterkt i trua og veit at han har det godt hos Jesus. Ho har ofte besök av

sønene sine og har det så bra som det går an. På rommet har ho mange bilete og andre minne frå samlivet med Gunvall. Han arbeidde mykje med gyllenlêr og ein av dei mange praktfulle stolane han laga står på rommet hennar og lyser av fabelaktig handverk og kunstnarsjel.

Oddveig har alltid visst kva ho vil. Og med evne og vilje til å nå dei måla ho sette seg, har ho hatt eit spanande og gjevande yrkesliv og mange gode minne å sjå tilbake på. Som bebuar på Bygdaheimen får ho god omsorg og den hjelpe ho treng til praktiske gjeremål i kvardagen.



Oddveig saman med gode kollegaer på Haukeland sjukehus.



Oddveig på bygdaheimen. Foto: Arne Bu



Oddveig saman med born på leikestova på Haukeland sjukehus.

Haustfesten i Hardinglaget

**«Takk for maten» tale på haustfesten i Hardinglaget
11.november 2017**

Tekst: Anna Marie Graff

Kjære gjestar!

Eg vil takka på vegne av Eidfjord og frå Eidfjord og seia litt om kulturarven der.

Kultur og kulturarv kan vera så mangt:

Det nasjonalt verna vikinggravfeltet på Hereid, middelalderkyrkja, gamleskulen - men i dag vil eg framheva kulturarven frå dei gamle gardmosstovene. Dei står for ein kulturhistorisk tradisjon med overføring av ferdigheter og kunnskap om korleis tradisjonsmat og drikke vart laga.

Her har det vore baka, slakta og brugga gjennom årstidene:

Vår og haust song bakstebordet under leivene og kjevlene til bakstekonene, og stablar med flatbrød og krotekaker vaks fram. Slik vart det mat i alle hushald. Alle hadde noko å by framandfolk.

“Du som kjem frå Eidfjord, er vel svolten” vart det sagt til sambygdingar uti fjorden som hadde gjesta Eidfjord. Dette hørerde vi borna som gudsens sanning. Likte ikkje folk uti Sørfjorden krotekaker eller flatbrød?, spurte me borna. Noko anna kunne vel ikkje vera forklaringa?

Ei av dei fremste bakstekonene i fjorden - som og var ein av slektingane mine i fjorden - Borghild (Bolla) Møllendal sa at me ikkje skulletru på slike tull og vås. Neivel. Men me borna syntes det var litt synd, det var no moro å hetsa fjordingane litt.

Sauceslaktet om hausten var storhende. Her vart mykje av kjøtmaten, som skulle vara utover vinteren og ikkje minst etast i jola, laga til. Røykjekjøt, pinnakjøt, fenalår, spekepølsa, blodkorv og meir til. Utover hausten stod salttestampane fulle i mosstovene og etter kvart steig røykjen opp frå røykjekjøsteinane. Eitt av dei aller beste måltida om hausten var nysalta og nyrøykt røykjekjøt - slik som me har fått her i kveld. Ein av dei betre haustmiddagane.

Litt seinere på hausten var det griseslakt. Grisen var det viktigste matdyret på

garden, her fekk ein det gode flesket, mykje god mat til jol vart det av ein 120 kilo gris. Ingen ting var tilfeldig: Rett månefase og turver skulle det vera når grisen skulle slaktast.

Et år hende likevel det som ikkje skulle henda:

Slaktaren, Helge i Åsen, var kome til gards, sagkrakken (slaktarbenken) stod framme, månefasen og veret var rett, alt var bra. Grisen låg på sagkrakken, slaktaren var klar, besta - ho Jo Anna - stod klar med bøtta og tvora - skulle røra blodet.

Men denne grisen hadde sin eigen vilje, han kom seg laus og sette i veg. Grisen føre og slaktaren etter. Over heile Lægreid bar det, på lang veg hørde me grylinga til grisen. Besta stod fortvila og vrei



Anna Marie Graff

god innsikt i dyrehald og matlagning. Ikkje hadde ho hørt om adrenalinkikk, mjølkesyre og stresshormon, likevel hadde ho den kunnskapen som vitenskapen har forska seg fram til i dag.

Slik stod mosstovene for overføring av ferdigheter og innsikt i matlagning

Heimabrugget var viktig å ha ferdig til jol. Mellom baking og slakt måtte mosstova vera ledig til brugginga. Me borna fekk og vera med. Ein av grannene var barneven og let oss smaka av ausa. Maltet var sott og godt, då slikka me ausa. Utover i prosessen vart ikkje smaken like god, og me var ikkje så ofte i mosstova. Mødrene våre var ikkje så glade for at me for i mosstova, men fedrene sa ja. La borna få med denne tradisjonen og, sa far min. Heimabrugget vart alltid ferdig til jol - og fram kom det til alle dei gode jolemiddagane av saue-, grise- og reinsdyrkjøt.

Heimabrugget me har fått her i kveld, har vore framifrå - rettelig godt hardingaøl.

Men attende til mosstovene. Hadde me hatt denne gode tradisjonsmaten og ølet utan desse husa på gardene? Her fekk også borne sleppa til. Dei hadde sine oppgaver som vart fleire og tyngre etter som bolen og vetet vaks.

Slik vert det overføring av mattradisjonar av. Ingen trong å gå på kurs for å læra å baka, slakta og brugga, det kunne ein når ein var framvaksen.

Har mosstovene ein plass i dag? Riv det gamle ruklet, vil nokon seia, andre vil bevare.

Men riv ein - er det sjølvé mattradisjonane som vert rivne og kasta bort? Familie og grannar får kanskje og ein møteplass mindre.

Eg vil takka for eit framifrå måltid tillaga etter alle beste hardangertradisjon.

Takken går både til vertskapet og kokkane på kjøkkenet.

Ein skål og stor takk for maten.

Turstiar i Sysendalen.

Det nasjonale merkeprosjektet – det skal merkast i heile landet.

Tekst: Lillian Høyvang Andreassen, dagleg leiar Sysendalen Skisenter AS

Turskiltprosjektet er eit nasjonalt skilt- og merkeprosjekt der Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunen saman gjev økonominisk støtte til merking, skilting og informasjonstiltak knytt til turruter. Det er utarbeidd ein eigen manual for arbeidet med å realisera målet for prosjektet. Den byggjer på Merkehandboka 2013, laga i eit samarbeid mellom Den Norske Turistforening, Friluftrådenes Landsforbund og Innovasjon Norge.

Formålet med turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsferdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking. Fylkeskommunane er prosjekteigar på fylkesnivå.

Dei første søknadane til Turskiltprosjektet i Eidfjord vart sendt inn i 2013. Det vart sendt inn ein søknad for Sysendalen og ein for Måbødalen og Kjeåsen.



Turløyper i Sysendalen

Søknaden som gjaldt Sysendalen var direkte knytt til arbeidet med Sti- og løypeplan for Sysendalen som vart utarbeidd og godkjend same året. I Sysendalen har prosjektet vore eit samarbeid mellom Sysendalen Hyttevelforbund, Sysendalen Grunneigarlag og Sysendalen Løypelag. Det er tilslaman sendt inn 3 søknader, den siste i september 2017 på kr 145 840. Turskiltprosjektet har så langt bidrige med kr 194 000 i tilskot til arbeid med skilting, merking og informasjon i Sysendalen. Eidfjord kommune har bidrige direkte med kr 100 000.

I løpet av dei fire åra som er gått sidan første søknaden vart sendt inn, er det lagt ned eit enormt dugnadsarbeid i løpenettet i Sysendalen. Dette dugnadsarbeidet er ein naudsynt føresetnad for å koma med i vurderinga av søknadar i Turskiltprosjektet. I 2013/2014 vart det registrert 125 dugnadstimar knytt til arbeidet med prosjektet. I 2017 vart det registrert 1042 timer. Verdien av dei totalt 2025 dugnadstimane i perioden er kr 789 600 når timeprisen som Turskiltprosjektet bruker vert nytta. Deler av timane som er lagt ned i 2017, er knytt til ny søknad levert september 2017 som gjeld utbetring av treskila og utvida

løpenett med merka sommarløyper mellom Maurset og Sysendammen. Det har utvikla seg ein tradisjon for at dugnadarne med hyttefolk vert lagt til haustferieveka, varierande første og siste helga denne veka avhengig av kva som passer for dei ulike hyttevella. Laurdag 7. og 14. oktober var 125 hyttefolk og grunneigarar i aktivitet i løpenettet i Sysendalen. Vinteren 2010 fekk Sysendalen Løypelag inn kr 30 000 i løypebidrag, vinteren 2017 kom det inn kr 400 000.

I sommar skulle det setjast ut 28 skiltstenger og 62 retnings-/avstandsskilt og toppskilt i rutenettet i Sysendalen og i fjellet. Dette hadde aldri vore mogeleg utan innsatsen til hytteigar Christopher Knag som sa ja til å ta seg ansvaret med å organisera og gjennomføra dette mot at eit prosjekt Lions Bergen Vest har i Uganda fekk ei gave for innsatsen. Det har vore naudsynt å jobba i saman to for å gjennomføra dette store arbeidet. Fleire hyttefolk har vore med på arbeidslaget til Christopher Knag frå juli og til sein i september. Det gjenstår enno å få ut nye skilt mellom Maurset og Liset til erstatning for treskila frå det første prosjektet i 2013/2014. Eit skilt som er plassert oppe i Bjørkehaugen



Christopher Knag i aksjon på attekvelven

skal flyttast ned dit den nye løpa går inn frå Bjørkehaugen mot Drølstølsbekken. Skilta i det utvida sommarstinet mot Sysendammen kjem opp sommaren 2018. Dette er eit prosjekt som hyttefolk i Austre Maursetlia har styrt. Hyttevellet der har og brukt pengar frå eigen konto til sommarbru over Bærdøla.

For å få eit samanhengande og driftssikkert vinterløpenett, har det vore naudsynt å utbeta og byggja nye bruer i Sysendalen. Det er bygd skibru på to punkt over Isdøla og det er i haust kome på plass permanent bru over elva i Skitsetegila. Til desse bruprosjekta er det gjeve kr 600 000 i gåver frå Sparebankstiftinga i Hardanger.

I samarbeid med grunneigarane er 9 informasjonsskilt og 2 store informasjonstavler plassert ut på ulike stader i Sysendalen. Dette er skilt som skal haldest oppdaterte og skiftast ut etter kvart som det vert naudsynt.

Heile løpenettet og sommarstiane er registrert i www.rettikartet.no.

Det følgjer eit vedlikehaldsansvar for prosjekteigar lokalt for både skilt og løyper. Ansvoart er kontinuerleg og i tilsegnar står det at tidsperioden er ti år. Det er difor viktig at ein kvar som registrerer at det har skjedd noko med skilt melder frå om dette. Det er Sysendalen Løypelag som står som formelt ansvoart.

Sti- og løypeplanen for Sysendalen skal no reviderast. Det låg alt i tekstdelen av den eksisterande Sti- og løypeplanen frå 2013 at det er eit ynske med samanhengande løyper både på sør- og nordsida av Rv7. På sørssida av Rv7 er dette mogeleg med ei rundløype frå Storlia på sørssida av Bjoreio og ned til Maurset. På nordsida av Rv7 er dette mogeleg frå toppen av skitrekket og ned til Garen mot enden av den gamle lysløypa. Det var og eit mål å binde turløpene i Sysendalen til DNT sine kvista løyper på fjellet. Heilt konkret ved å få ein trasé frå toppen i Storlia og opp til parkeringsplassen ved Våkavad. Det står enno att å få fullført samanhengande gang-/sykkelsti og lysløype frå Midtbø til Bruskorve. Det er ytra ynske om enkelt tilrettelagte rasteplassar på utvalde stader i løpenettet. Alt er mogeleg for den som vil og ikkje

slipper målet av syn. Som ansvoart for Turskiltprosjektet i Sysendalen kan eg seie meg nøgd med å ha levert på den utfordringa eg fekk av styreleiar Einar Lutro sommaren 2008, då eg hadde takka ja til ein jobb som næringsutviklar i Eidfjord. I følgje han var den store utfordringa for næringsutviklar i Sysendalen.

Vinteren 2009 var det knapt byggjeaktivitet i Sysendalen, alpinanlegget med varmestove var utdatert og nedslite, og det var mellom og 40 og 50 km. med løyper som representerte store utfordringar ved ulageleg ver og føre. I dag vert det ferdigstilt mellom 30-40 hytter i året. Hyttalet har auka frå ein stad rundt sju hundre til tett oppunder tusen ved utgangen av 2017. Gateadresseprosjektet har gjeve sikre tal. I Sysendalen er det no tett oppunder 100 km. med velhaldne merka løyper og stiar og Sysendalen har eit godt omdømme både hjå dei som alt er på plass i Sysendalen og hjå dei som har hørt om oss. Eigedomsmeklarar i heile landet er heilt eintydig einige om at det er preparerte skiløyper og gode stiar som sel både tomter og hytter. Sysendalen er i ferd med å verta ein heilårsdestinasjon. God tur!

EIDFJORD UNGDOMSRÅD 2017/2018

6. og 8. september vart det halde val av nytt ungdomsråd. Frå før hadde rådet medlemmene Oda Medhus, Emilie Viveli Tveit og Håvard Sæbø. Nye medlemmer vart etter valet Hedda Djønne Eriksen, Eskil Fenne, Teodor Stavanes, Tobias Fjetland, Sondre Alexander Bjtovit (1. vara) og Maya Maranini (2. vara). Ungdomsrådet konstituerte seg 17. oktober og valde då Oda Medhus som leiar og Emilie Viveli Tveit som nestleiar.

Oda og Emilie har allereie delteke på nettverksamling med Ungdommens Fylkesting i Bergen der ungdomsråd frå heile Hordaland møttest. Som leiar er Oda fast medlem i Hardanger Ungdomsråd, dei har allereie hatt eit møte i Norheimsund der dei mellom anna kom med uttale til statsbudsjettet ang. endring i krav til avstand mellom vidaregåande skule og heim for å motta bortebuarstipend. Dette er ei endring som vil ramma ungdom i Hardanger ved at dei i statsbudsjettet foreslår å auka grensa frå 40 km til 60 km. Me håper at stortingspolitikarane vil høyrer på ungdommane i denne saka. Hardanger Ungdomsråd arbeider også med aktivitetshelg 2018, Hardanger Ungdomsting med meir. 16. november hadde Eidfjord Ungdomsråd møte der dei handsama budsjettet. Ungdomsrådet var ikkje einige i alle kutta som låg inne og ønska mellom anna å behalda gratis offentleg badning og skuletur for 10.klasse med lærar. Ungdomsrådet har tidlegare bestemt at 50% av møtegodtgjersla deira vert sett av til felles tiltak som

Tekst og foto: Bergljot Maria Veivåg

mellom anna har blitt nytta til ein tur til Oslo med besøk på Stortinget. Dei ønska difor ikkje å endra si eige møtegodtgjersle men reduserte leiargodtgjersla slik at den vart meir på linje med dei andre ungdomsråda i Hardanger. Ungdomsrådet skal etter planen presentera seg for kommunestyret 18. desember.

Me ynskjer Eidfjord Ungdomsråd 2017/2018 lukke til med det gode arbeidet!



Frå venstre: Oda Medhus, Teodor Stavanes, Maya Maranini, Tobias Fjetland, Sondre Alexander Bjtovit, Emilie Viveli Tveit, Hedda Djønne Eriksen og Eskil Fenne. Håvard Sæbø var ikke tilstades då biletet vart tatt.

Ekspedisjon Knerten

-Førpremiere i Eidfjord 2. november 2017



Tekst: Lisbeth B. Celik / Foto: Bergljot M. Veivåg

Tidleg vår i 2016 kom filmteamet Paradox til Eidfjord for å spela inn ein ny Lillebror og Knerten film. Dei var her i Eidfjord i ca 4 veker i februar/mars, og filma alle ute- scenene i filmen på ulike stader i bygda vår. Dei nyttja overnatningsplassar , transporttenester , entreprenørtenester m.m til ein verdi av 1,1 mill. som kjem godt med for næringslivet i lågsesongen i Eidfjord og omegn.

Førpremieren til Ekspedisjon Knerten gjekk av stabelen den 2. november og var svært godt mottteke av både Eidfjord , Hardanger og omegn. Billettane til første framsyning kl 17:00 den 2. nov. var utselt fire dagar før framsyningane , også lørdagen vart billettane utselde.

I forkant av filmframrysninga var det arrangement med Eidfjord, Ullensvang og Ulvik skulemusikk. Så kom den gamle lastebilen som tippa eit lass med snø, og til slutt kom Lillebror og maskott av Knerten køyrande i den blå Saaben til

Erlend Styve. Dette var også hendingar som ungane vil sjå att i filmen og som dei då kunne setja ekstra stor pris på.

Det var fleiree flotte statistar og rolleinnehavarar frå Eidfjord og omegn, og det var nok ein av grunnane til at folk flokka seg for å vera med på førpremieren , og det var stor stas å sjå lokale aktørar med i ein norskprodusert film.

Lillebror ,som eigentleg heiter Filip Mathisen Eide, kom med sine foreldre og syster samt farfar med på premieren. Marknadssjef Jan Petter Dickman

representerte Paradox filmselskap. Ekstra kjekt var det at Jo og Berit Vestly ville ta turen og få med seg førpremieren i Eidfjord.

Me håper at me framover kan få fleire filmproduksjonar til Hardanger då me ser at dette er nyttig både knytt til næringsutvikling ved produksjon og mogleg filmturisme. I tillegg vert me stolte når filmprodusentar finn oss attraktive, og vil bruka Hardanger og omegn som kulisse for nasjonale og internasjonale filmsukssesser.



Knerten og lillebror.



Frå v. Marknadssjef i Paradox Jan Petter Dickman, Filip Mathisen Eide, Berit Vestly, Jo Vestly og ordførar Anved Johan Tveit.



Sikringsarbeid i samband med oppgradering av Eidfjordtunnelen

Eidfjordtunnelen (2072 meter)

Tekst: Glenn Wiik / Foto: Jan Oddvar Tysnes

Eit omfattande arbeid nærmar seg slutten i Eidfjordtunnelen. Som vegfarande har me i ein periode levd med ventekø, kolonnekjøring og stenging nattestid. Det har m.a.samanheng med sprengingsarbeid, og at tryggleiken til publikum har høgaste prioritet. Noser me det berømte ljuset i tunnelen og det er interessant å få veta meir om kva som er gjort.

Eidfjordtunnelen har vore ein av fleire tunnelar som Statens vegvesen har hatt med i sine planar. Vasslekkasjar har sytt for digre istappar i tunneltaket vintersid, og issvullar i vegbana har heller ikke vore ynskt. Denne gongen skulle det verta oppgradering i samsvar med krava



Jan Oddvar Tysnes



Eidfjord brannvesen er ein viktig medspelar og må gjera seg kjend med nytt utstyr

på båe sider av tunnelen går ned og det blinkar raudt lys på info-tavler for trafikken i begge retningar. Kamera i begge endar kan overvake eventuelle kjøretøy ved bommane dersom alarmen går. I tillegg er det sett opp naudkiosk utanfor begge tunnelopningane. I ein krisesituasjon som brann eller ulukke kan det verta vanskeleg å finna vegen ut. Det er difor montert 80 evakueringslys med batteri-backups i ca. 1 m høgd over vegbana. Slik vert dei lettare å sjå kor du er om det er røyk i tunnelen. Det er også merka avstand til kvar av tunnelopningane og naudutgang (tverrslag) ved kvart brannskap inne i tunnelen. Naudutgangen i tverrslaget er merkt med lysende skilt i tunneltaket.

Det som gjenstår no er å ferdigstilla DAB og naudnett. DAB er truleg ferdig før jol, mens naudnettet vert montert på nyåret. Når alt er ferdig, er Eidfjordtunnelen så trygg som mogleg og heilt i «elitevisjonen» av norske tunnelar. Det har ikkje vore ulukker i samband med dette omfattande arbeidet. Jan-Oddvar Tysnes frå Statens vegvesen vil takka folket i Eidfjord for tolmotet dei har synt under oppgraderinga av Eidfjordtunnelanlegget. Og så må eg berre ta det med... visste du at Eidfjordtunnelen går nord/sør...nesten?



**VELKOMEN TIL EIN
HYGGELEG JOLAHANDEL**

Opningstider i desember:

Måndag-fredag: 11.00-17.00
Laurdag: 10.00-16.00
Romjole: 11.00-16.00




**SNAKK MED OSS OM
FINANSIERING OG FORSIKRING**



Vekselbanken
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

- ein god medspelar -

TELEFON : 56 52 35 00 - WWW.VEKSELBANKEN.NO - POST@VEKSELBANKEN.NO



Lyst å jobbe på det flotteste hotellet i Hardanger?

Quality Hotel Vøringsfoss søker etter
resepsjonister, servitører og andre servicehelter for sesongen 2018.

Egenskaper vi ser etter;

- Du er ryddig, velorganisert og nøyaktig
- Våken og serviceminded
- Du har evnen til å tenke og jobbe under høyt tempo
- Du streber alltid etter å kunne gi våre gjester «det lille ekstra»
- Tar utfordringer på strak arm og har samtidig glimt i øyet
- Det er en forutsetning at du behersker norsk skriftlig og muntlig

Vi tilbyr;

- Spennende og variert arbeid i et internasjonalt arbeidsmiljø
- på Hardangers flotteste hotell
- Gode muligheter for videreutvikling, både på hotellet og i Nordic Choice Hotels
- Ansattpriser på Nordic Choice Hotels og Choice hotels International

Send søknad til:
tor.andre.villmones@choice.no

Ostangvegen 20, Eid fjord I Hardanger, Hordaland, Norway - Tlf. (+47) 53 67 41 00



OPNINGSTIDER JOL- OG NYTTÅR

18.12 - 09 - 18	26.12 - STENGD
19.12 - 09 - 18	27.12 - 09 - 18
20.12 - 09 - 18	28.12 - 09 - 20
21.12 - 09 - 20	29.12 - 09 - 18
22.12 - 09 - 20	30.12 - 09 - 18
23.12 - 09 - 18	31.12 - STENGD
24.12 - STENGD	01.01 - STENGD
25.12 - STENGD	

ME YNSKJER ALLE EI
GOD JOL OG EIT GODT NYTT ÅR.



ÅPNINGSTIDER JUL- OG NYÅRSHELGA

22.12.17	- 09.00-20.00
23.12.17	- 09.00-16.00
24.12.17	- stengt
25.12.17	- stengt
26.12.17	- stengt
27.12.17	- 10.00-17.00
28.12.17	- 10.00-17.00
29.12.17	- 09.00-20.00
30.12.17	- 09.00-16.00
31.12.17	- stengt*
01.01.18	- stengt*
02.01.18	- 15.00-18.00

*grunna vareteiling

ME YNSKER ALLE EI RIKTIG GOD JULE- OG NYÅRSHELGB.
VELKOMMEN TIL EIN HYGGELEG HANDEL HOS OSS



OPNINGSTIDER I EIDFJORD KOMMUNE

NAV EIDFJORD:

Held stengt

Ved behov for kontakt i ein naudsituasjon
skal Eidfjord kommune sin
ekspedisjon kontaktas, tlf 53 67 35 00

EIDFJORD KOMMUNE:

25.12 – 29.12 09.00 – 14.00

EIDFJORD LEGEKONTOR:

25.12 – 29.12 09.00 – 14.00

LEGEVAKT:

56 52 60 03

EIDFJORD KYRKJE

Dette skjer i kyrkja i desember

3. desember
Ljosmesse kl. 18.00

6. desember
Teatergudsteneste kl. 09.45

12. desember
Adventsgudsteneste kl. 12.20

24. desember
Jolegudsteneste kl. 16.00

25. desember
Høgtidsgudsteneste kl. 11.00

31. desember
Nyårgudsteneste kl. 16.00



Dette boutiquehotellet ligger sentralt i Eid fjord og er bygd i 1928.
Huset og hyttene ligger i en vakker hage rett ved laks-elven Eio. Huset har den opprinnelige fasaden og er de senere år vakkert restaurert og renoveret for å tilslutt en kombinasjon av gammeldags sjarm og moderne bekjemmeligheter.

Vi tilbyr 8 koselige rom i pensjonatet, 4 hjemmekoselig hytter som ligger langs elvebredden, kafé med peis, velsmakende måltider & vennlig personale og til slutt vårt sjærmerende selskapslokale/pub: "Mosstova".

Simadalsvegen 10, 5783 Eid fjord / Tlf. (+47) 53665162 / www.vikpensjonat.no

Uteskule 5.-7. klasse

Fokus på ferdigheitar og haldningar

Det er vel ikkje noko nytt at uteskule er ein del av skulevardagen her ved Lægreid skule, men noko unikt er det at ein drar med seg uteskulen frå dei første skuleåra vidare i skuleløpet.

Ein kan grovt sett dela læreplanen inn i tre aspekt; ferdigheter, haldningar og kunnskap. Av og til er det naudsynt å setja kunnskapen til sides, men ta ikkje på veg! Kunnskapen er framleis med i passasjersetet.

Gjennom glede, fellesskap, samarbeid, uthald, kreativitet, kommunikasjon og praktiske oppgåver får elevane utfalda

seg, og ikkje minst utvikla ferdigheter og haldningar i fri luft. Uvurderleg er det for elevane å få visa læraren sin og ikkje minst medelelevane sine kva dei kan. At ein kan saga, kan kle seg riktig, kan samarbeida, kan vera ein leiar, kan finna ei løysing på ei praktisk problemstilling eller kan hjelpe andre til å løysa ei oppgåve.

5.-7. klasse brukar ein halv dag i veka oppe ved gapahuken dei har laga. Skulen set enormt pris på grunneigaren som lar elevane vera i skogen hans.

Elevane seier det er kjekt å koma seg vekk frå skrivepulten for å gjera praktisk arbeid. Då dei fekk spørsmålet om kva dei

synest om uteskule var det mange hender i våret.

- **Me får vera oss sjølve og me får vera i lag med alle på ein heilt anna måte!**
- **Me har blitt meir løysingsorienterte og me kosar oss ute.**
- **Det er ikkje alltid det er like kjekt, skulle ønske me hadde meir fri leik.**

Kva arbeid desse elevane kjem til å velja i framtida er heilt umogleg å veta, men ein ting er sikkert; det å vera samarbeidande og løysingsorienterte vil dei ha bruk for å vera.



Tekst og foto: Tonje Såkvitne

Klimadugnad 2017



Tekst: Timo Knoch

Etter ei meget vellukka aksjonsveka Klimadugnad 2016 i fjor vart det fort tydeleg at ein skulle satsa på ein ny arrangementssrekke med kompetente fagfolk innanfor klima og miljø i år òg. Men denne gongen skulle klimaendringane setjast på dagsorden i heile novembermånaden!

November starta med vitenshowet Frida og professor Vinter som stiller spørsmålet om borna i Noreg vil veta kva snø er i framtida? Forestillinga formidlar klimakunnskap og samfunnsbevisstheit på ein spanande måte og viser konsekvensar som kan koma av klimautfordringane våre. Ved hjelp av kjemiske eksperiment viser dei fram og vert kjent med nokre av klimagasane me har rundt oss i dag. Vitenshowet Frida og Professor Vinter vant førsteprisen under NM i vitenshow på vitensenteret VilVite i februar 2015 og har ved fleire høve vore ein del av vitensenteret VilVite sitt underhaldningstilbod.


6.11.17 hadde Eidfjord besøk av klimaforskeren Henning Åkesson frå Bjerkenessenteret for klimaforskning. På ein dag tettpakka med foredrag orienterte han først tilsette i Statkraft om sin forskning på Hardangerjøkulen som har stor betydning for vasskraftproduksjonen i Simadal. Det var ikkje berre

interesse for dette her i Eidfjord; folk frå BKK i Bergen, NVE og Statkraft i Sauda vart oppkobra via Skype for å kunne få med seg foredraget. Frå Simadal gjekk vegen rett til Lægreid skule der småtrinnet fekk høyra om klimaendringar og sjå videosnuttar om temaet. Men desidert mest populært var utstyret Henning hadde med seg; det var måleinstrument som faktisk ein gong var utplassert på Hardangerjøkulen og alle fekk lov til å ta på dei! Som avslutning på denne dagen orienterte Henning kommunestyret om sin forskning.

Torsdag, 23.11.17 inviterte Eidfjord folkebibliotek til klimaforedrag og -debatt om Klimaendringar på Vestlandet – korleis handtera det uunngåelege?. Eidfjord var premierestaden for dette opplegget som skal reisa rundt i 14 kommunar i Hordaland. Kikki Kleiven som er utdanna geolog og er forskar ved Institutt for Geovitskap og Bjerkenessenteret ved Universitetet i Bergen, heldt eit

interessant populærvitskapeleg foredrag med fokus på kva som styrer klima, og utfordringar og løysningar sett gjennom vestnorske forhold. Kvifor er endringane dei siste 150 åra anndeis enn tidlegare varmeperiodar som under middelalderen eller for 7000 år sia? Kva for klimaendringar skjer globalt og kva for endringar vil me her i Vest-Noreg måtte førebu oss på og tilpasse oss til? Kan kommunar og samfunn i Noreg verta del av den globale klimaløysninga? Etterpå overtok Lars-Henrik Paalrup Michelsen ordet og stilte dette spørsmål til både publikum og panelet: Kva gjer vår kommune for klimaet? Det oppsto ein fin dialog mellom alle dei frammøtte og viss ikkje Lars-Henrik og Kikki hadde måttet rekka opningstida på ein elles stengt E16, ville desse samtalane ha fortsett langt ut på kvelden!

Arrangementa i november nådde ut til mange grupper i lokalsamfunnet, frå småtrinnet via næringslivet til lokalpolitikarane. Takk til alle som stilte opp, både som bidragsyter og publikum!



Legg fjellturen til HALNE FJELLSTUGU

Me på Halne ynskjer dikko velkommen på «Norges tak». Her serverer me av viddas delikatesser kvar dag. Kombiner fjellturen med fottur eller båttur på Halnefjorden. Håpar me sjåast i fjellheimen til sommaren.

Mvh. Uss på Halne
Ingar og Geirmund



Velkommen til
Sjel og Gane

1. og 2. joledag:
18.00 - 02.30

Arrangement m/bestilling:
Nyttårsafta 19.00 - 02.30

Meir info på vår heimeside / facebook

Eidtfjord Cruisehamn 2018

Anløpsliste

DAG	DATO	ANK-AVG.	NAMN SKIP	BRT.
April				
mandag	02.04.2018	0800-1800	AidaVita	42289
fredag	13.04.2018	0800-1800	AidaVita	42289
søndag	22.04.2018	1100-1700	Magellan	48052
søndag	29.04.2018	0700-1400	Magellan	48052
mandag	30.04.2018	0800-1800	Viking Sky	47800
Mai				
tirsdag	01.05.2018	0800-1900	AidaLuna	69203
søndag	06.05.2018	0600-1300	Astor	20606
søndag	06.05.2018	0800-1630	Balmoral	43537
tirsdag	08.05.2018	0800-1900	AidaLuna	69203
tirsdag	08.05.2018	1030-1830	Magellan	48052
søndag	08.05.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
tirsdag	15.05.2018	1030-1700	Magellan	48052
tirsdag	17.05.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
lørdag	19.05.2018	0800-2400	Saga Pearl 2	
søndag	20.05.2018	0000-2000	Saga Pearl 2	18627
søndag	20.05.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	21.05.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
tirsdag	22.05.2018	0800-1800	AidaBella	69203
torsdag	24.05.2018	0800-1800	Viking Sky	47800
mandag	28.05.2018	0800-1800	Viking Sky	47800
tirsdag	29.05.2018	0800-1630	Balmoral	43537
tirsdag	29.05.2018	0800-1300	Deutschland	22496
onsdag	30.05.2018	1000-2000	AidaSol	71304
Juni				
lørdag	02.06.2018	0700-1530	Columbus	63786
mandag	04.06.2018	0700-1500	Rotterdam	61849
tirsdag	05.06.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
tirsdag	05.06.2018	0800-1800	AidaBella	69203
lørdag	09.06.2018	1000-2000	AidaSol	71304
søndag	10.06.2018	0700-1900	Viking Sea	47842
mandag	11.06.2018	0700-1500	Rotterdam	61849
onsdag	13.06.2018	0800-1800	Koningsdam	99836
torsdag	14.06.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
mandag	18.06.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
tirsdag	19.06.2018	0800-1800	AidaBella	69203
onsdag	20.06.2018	1400-2000	SeabournQuest	32346
torsdag	21.06.2018	0700-1900	Viking Sky	47800
onsdag	27.06.2018	0800-1900	AeganOdyssey	11906
Juli				
søndag	01.07.2018	0800-1400	Marco Polo	22080
tirsdag	03.07.2018	0700-1500	Koningsdam	99836
tirsdag	03.07.2018	0800-1800	AidaBella	69203
fredag	06.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
tirsdag	10.07.2018	0700-1600	Koningsdam	99836
onsdag	11.07.2018	1200-2300	Europa	28890
tirsdag	17.07.2018	0800-1800	AidaBella	69203
mandag	16.07.2018	0700-1900	Viking Sun	47842
mandag	16.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
torsdag	19.07.2018	1200-2000	Magellan	48052
tirsdag	19.07.2018	1100-1700	Berlin	9570
onsdag	25.07.2018	0800-1800	MarellaDiscovery	69130
torsdag	26.07.2018	1000-2000	AidaSol	71304
mandag	30.07.2018	0800-1800	Viking Star	47842
tirsdag	31.07.2018	0700-1700	Pacific Princess	30277
tirsdag	31.07.2018	0700-1500	Koningsdam	99836



Hardanger Energi AS

*Din
Lokale kraftleverandør*

Få den beste avtalen lokalt ?

- og bidra til lokal verdiskaping

post@kraft.hardangerenergi Tlf 53 67 16 10



**VI STØTTER NÆRINGS-
OG SAMFUNNSUTVIKLING
PÅ VESTLANDET**



I generasjonar.
For generasjonar.





Dig That Crazy Santa Claus



Litt info om konserten

Publikum : ca 350 betalande + gjester.
Ca 400 totalt.

Dig that crazy Santa Claus er eit fellesprosjekt med kulturskulane i Hardanger, Voss og Vaksdal. Ca 130 personar, voksne og ungdomar, var med på scenen. Musikken tok utgangspunkt

i cd-en Dig That Crazy Santa Claus, som var eit samarbeid mellom kulturskulane i Hardanger, Twang Gang og Kulturfjorden. Twang Gang la kompet, og solistane kom frå kulturskulane i regionen. Musikken er litt gløymde amerikanske slagarar frå 50-talet, men

Tekst: Bjørne Møen/ Foto: Katrine Helle Midtbø

og med nokre klassikkarar som O Helga Natt og Fager er jordi. Dessutan ei urframføring av «Salme ved advent» med musikk av Erlend Styve, tekst av Helg Arild Bolstad, arrangert av Reid Gilje. Reid Gilje skreiv arrangement på dei låtane korps og kor var med på.

Korps som var med:

Voss skulemusikklag

Voss musikklag

Evanger musikklag

Jondal musikklag

Eidfjord skulemusikk

Ullensvang skulemusikk

Ulvik skulemusikklag

Ålvik skulemusikklag

Kor som var med

Chorus80 (Ullensvang)

Landsbykoret (Jondal)

+ ei jente frå Eidfjord

Elles

Drilljentene til Voss skulemusikklag

Solistar frå kulturskulane i Eidfjord, Granvin, Odda, Jondal, Voss, Vaksdal

Twang Gang

Heine Totland

Uldis Plepis (dirigent)

Her er full liste:

- Rockin around the Cristmas tree *

- Silje Karlsen (Odda)

- Marie Skage Gullbrå (Stanghelle)

- Santa Calus is coming to town (med kor og korps)

- Maren Viveli (Eidfjord)

- Albulena Shumolli (Eidfjord)

- Let it snow, let it snow (med kor og korps)

- Hilda Bastesen Storebø (Voss)

- Christmas song (med kor og korps)

- Heine Totland

- Salme ved advent (med kor og korps)

- Erlend Styve (Twang Gang)

Blue Christmas - Heine Totland

- Erlend Styve

Peace in the valley

- Twang Gang

I'll be home for Christmas

- Heine Totland

O Helga natt

- Heine Totland

- Fager er jordi (med kor og korps)

- Alle



Frå venstre: Tone Skår, Grete Næss og Anett Viveli

Barnehagelærarar i Modnen barnehage

Tekst: Glenn Wiik / Foto: Elisabeth Vik

For 4 år sidan var desse damene, Grete Næss(38), Anett Viveli(39) og Tone Skår(36) assistenter i barnehagen. No er dei alle ferdig utdanna barnehagelærarar. Dei har teke ei 3-årig utdanning på 4 år ved Høgskulen i Sogn og Fjordane samstundes som dei har vore i arbeid. Flott for dei og ikkje minst flott for ungane og dei andre tilsette i barnehagen.

Ein skal ikkje så langt tilbake i tid då tilsette i barnehagane vart sett på som snille tanter som passa ungane mens forldra var på arbeid. Utdanning vart ikkje sett på som naudsynt. No er det andre tider. Barnehagen er ein del av utdanningsløpet sjølv om det pedagogiske oppleget skil seg frå skulen på fleire måtar.

Leik er viktig i barnehagen – både fordi leiken har verdi i seg sjølv og fordi leik er ein arena for læring og for sosial kompetanse i vid forstand. Dei fleste born går i barnehagen og tilbringer mykje tid der. Difor er kvaliteten på den tida viktig.



Det har vore avgjerande at dei var fleire om det, og desentralisert utdanning har gjort det mogleg. Lærarane fra Høgskulen i Sogn og Fjordane var engasjerte og inspirerande og har mykje av æra for at utdanninga var så vellukka.

No jobbar to av dei som pedagogiske leiarar i Modnen og har ansvar både for ungar og andre tilsette, medan ein jobbar som barnehagelærar/støttepedagog. Fokus er leik og læring i skjøn foreining. Her skal alle verta høyrd og sett. Borna skal medverka saman med alle dei andre. Ungane lærer også mykje av kvarandre. Og det dei erfarer når det kjem til omsorg og konflikthandtering kan nok koma godt med seinare i livet.

Eidfjord kommune har lagt godt til rette for tilsette som ynskjar fagleg påfyll. Mange har fått økonomisk tilskot, og med fleksibel arbeidsgjevar har dei kunne kombinert deltidsstilling og utdanning på ein god måte.

Modnen barnehage ser veldig fin ut etter ombygging og det er berre positivt at alle no er samla under eitt tak. Og med så mange tilsette med høg utdanning får borna eit tilbod som ikkje står tilbake for noko. Det er trygt og godt og lærerikt å vera liten i Modnen.

TORUNN PEDERSEN POLDEN (64)

22.desember er det punktum for Torunn som styrar i Modnen barnehage. Då vert ho pensjonist, men har ikkje tenkt å slutta å arbeida av den grunn. Ho har 20% stilling i eit læringsmiljøprosjekt ved Læringssenteret i Porsgrunn som set fokus på førebygging av mobbing i barnehage og skule. På det området kjem me visst aldri i mål.

Torunn bur i Osa i Ulvik herad og har pendla til Eidfjord sidan 2007 då ho byrja i stillinga, og det har vore store endringar på desse åra. Ein gong var det 4 barnehagar i Eidfjord, no er det ein – men til gjengjeld er det opprusta og utvida slik at alle er samla under eitt tak. Det er det berre positive erfaringar med. Torunn har solid praksis frå omsorgsarbeid på ulike nivå. Ho har arbeidd med utviklingshemma barn og vore fostermor for barnevernet i mange år. 5 fosterbarn har det vorte, dei har budd hos Torunn frå 1 – 9 år. Sjølv har Torunn 2 barn og 2 barnebarn.

Barnetalet har variert i kommunen, men i 2008 måtte dei reopna Hereid barnehage. Det er sjølv sagt gledeleg at barnetalet aukar, men for Torunn vart det krevjande å vera styrar i 2 barnehagar samstundes. I 2010 måtte ho ta ein pause og tenkja grundig gjennom korleis vegen skulle sjå ut framover. Torunn kom sterkt tilbake i 2012.



Torunn P. Polden

Når ho no går av kan ho gjera det med godt samvit. Barnehagen er nett ombygd og påbygd og ser veldig fin ut på alle måtar. Turvande lokale er viktig for kvaliteten i alt som skjer i barnehagen. Det faglege nivået er høgt. Her er det 60% av dei tilsette som har barnehagelærarutdanning, regjeringsa sitt mål er 50%. Fagarbeidarar og assisterar har lang og solid erfaring. Det er viktig, for

VELKOMEN TIL NY STYRAR I MODNEN BARNEHAGE.

Tekst: Knud-Erik Gissel rådgjevar barnehage, skule og voksenopplæring
dei tilsette tok bornas innspel og behov og tok omsyn til det i kvardagen.

Å vera med i eksterne vurderingar har mange plussverdiar, eksterne vurderarar er fagleg oppdaterte, har gode observasjon- og analysekompetanse og har god erfaring i å presentera barnehagane sine sterke sider og utviklingsområde. Me høyrer at du brukar mykje tid på jobben, men kva med fritida? Sonja fortel at ho har 3 voksne born og fortel vidare: Eg likar å bruka fritida mi på borna mine, strikka, veva, lesa både faglitteratur og skjønnlitteratur, turar, osb.



Sonja Haugland

Hereid barnehage framstod som ein inkluderande og trygg barnehage, der

Tekst: Glenn Wiik / Foto: Lars G. Polden
barnehagen er ein viktig arena for leik og læring.

Modnen barnehagen har god bemanningsnorm, har god plass og er godt utstyrt, så barna får individuell oppfølging. Overflytting til ny avdeling vert gjort når barnet er klar for det

For tida er det 44 barn, 13 stillingsheimlar og 18 tilsette. Overvekta av kvinner gjer at Torunn har hatt eit prosjekt retta mot guitar på ungdomstrinnet. Dei har fått prøva seg i barnehagen, og håpet er at nokre av dei har fått lyst til å utdanna seg innanfor sektoren. Å vera styrar kan vera ein einsam jobb. Difor har det vore styrarsamlingar ein dag i månaden saman med Ulvik og Granvin. Det har vore viktig å møta andre som forstår utfordringane i dette yrket på leiarnivå. No er det ikkje mange dagar att på jobb, men ho har ikkje tenkt å setja seg ned og tvinnar tommelett. Ho har ein vev og 30 m renning som har stått og venta ei stund. Torunn gleder seg til å ta fatt på resten av sitt liv med ei konstruktiv blanding av fagarbeid og verving, hus, hage, mann, barn og barnebarn i Osa i vakre Ulvik.

Ta vel imot Sonja.



Lionsclub Eidfjord

Tekst og foto: Eidfjord Lions

Eidfjord Lionsclub er ein av mange frivillige lag og organisasjonar i bygda. Lionsrørsla har 46.000 klubbar fordelt over alle kontinent i verda. Lionsrørsla er organisert i land, distrikt, soner og klubbar.



Trefellingsjobb og utsiktsrydding på Hodna. Frå venstre; Johan Vik, Helge Vik, Oddmund Lægreid og Leiv Vambheim.



Reidar Gjøtterud og Arvid Lygre reparerer gangbanen til Kjeaneset.



Tauverk på Kjeåsstien. Luftig jobb.

Lions mål:

- Å skapa større forståing mellom menneske og nasjonar for auka innsyn i mellomfolkelege problem.
- Å fremja god borgarånd.
- Å streva trottig for betre tilhøve i samfunnet, og hjelpe dei som er i naud.
- Å sameina medlemmene i venskap og forståing.
- Å vera møtestad for fri meiningsutveksling om alle saker av allmenn interesse. Rørsla er nøytral i politiske og religiøse spørsmål.
- Å arbeida for høg etisk standard innan alle yrke.

Lionsklubbane tek på seg oppdrag i lokalsamfunna for å skaffa pengar til dei mange hjelpetiltaka som Lionsrørsla engasjerer seg i. Mykje av dette er nasjonale og internasjonale tiltak, men også gje støtte til verdige føremål i Eidfjord. Lionsmedlemmene jobbar dugnad og alle inntektene går til Aktivitetskassen som igjen vert brukt til Sosiale aktivitetar.

Lc Eidfjord har i 2017 mllom anna vore delaktig i Småbanecupen, Matkulturfestivalen, Jolegrantenninga og

Internasjonale aktivitear på Tråastølen. Den årleg tulipanaksjonen er viktig inntektskjelde i Noreg. Lc Eidfjord har hatt ansvar for mange turstiar i kommunen. No er hovudjobben å vedlikehalda og merka Kjåsstien der me bygger bruer og stigar, byter tauverk og ryddar. Me har fyllt sandsekkar til utdeling til mellom anna eldre i Eidfjord. Ikke å gløyma kjekk dag med sykkelsjekk på Lægreid skule.

Lc Eidfjord har støtta felles tiltak mellom anna Jolekaravane til Litauen, augeprosjekt og ferksvannsbrønnar i Afrika. Lokalt kan nemast tilskot til kvite busar for ungdomsskulen og støtte til skulekorpsset i Eidfjord. Me har også støtta Internasjonal ungdomsutveksling for unge frå Eidfjord.

Lionsklubben i Eidfjord er ein liten klubb på 14 medlemmer med både kvinner og menn. Me har klubbkveldar siste tysdag i månaden klokka 20.00, eit par timer på Evjo Aktivitetsenter. På klubbkveldane har me ofte aktuelle, gjerne lokale, tema der me utvider kompetansen vår, har lett servering og vinlotteri. Klubbmøta bestemmer kva aktivitetar Lc Eidfjord skal engasjera seg i og kva innsamla dugnadsmidlar skal gje støtte til. Klubbaktiviteten har eigen økonomi frå medlemskontingenten. Me har også felles samlinger med naboklubbar. Lions er ein open medlemsorganisasjon der alle



Internasjonal ungdomsleir i Tråstølen.



Lionsclub Eidfjord tek imot ungdom frå mange land.



Anved Johan Tveit og Johan Vik på ryddedugnad på Kjeåsstien.



Nye stigar vert bygde. Anved Johan Tveit i farta

som støttar føremålet vårt, kan melda seg inn.

Me vonar på fleire medlemmer, og viss du kan ha tankar om å vera med, så kan du kontakta ein i styret:

Ivar Høberg, Leiv A. Vamheim, Leiv H. Sæbø, Steinar Elvebakk eller Reidar Gjøtterud.

Me har det kjekt sammen og meiner me gjer ein svært nyttig samfunnsinnsats.

VELKOMNE.



Birgitte Hereid vert teke opp som ny lionsmedlem med Ivar Høberg og Arvid Lygre.

Nye eigarar ved Vik Pensjonat og hytter / Mosstova

Tekst: Brynjulf Mugaas

I februar 2017 kjøpte Ingrid Josha og Thomas Edh Vik Pensjonat & Hytter og »Mosstova» av Berit og Johan Vik. Pensjonatet hadde då vore i Vik-slektet sidan 1928 då huset vart oppført.

Johan og Ingeborg Vik drifta pensjonatet frå 1928 til 1965 då Marit og Helge Vik vidareførte drifta fram til 1996. Berit og Johan Vik fekk så ansvaret for pensjonatet fram til februar 2017.

Pensjonat og hytter samt «Mosstova» er lokalisert i ein vakker natur tett nær ved lakseelva Eio.

Huset har den opprinnlege fasaden og bygget har dei seinare åra vorte restaurert og renovert for å kunna tilby ein kombinasjon av gamaldags sjarm og meir tidsmessige tilbod.

Her er 8 koselege rom, 4 heimekoselege hytter. Her er også kafétilbod med peis-og selskapslokal / pub.

«Mosstova» vart bygd i 2011.

Grunna eigarskifte ved Vik Pensjonat og hytter og nye reiselivsaktørar her, har me i Eidfjordnytt sjølsagt avtala ein liten prat med dei nye eigarane. Me møter to blide menneske over ein kopp kaffi.

Først spør me om korleis dei oppdaga Eidfjord og fekk lyst til å drifta eit reiselivstilbod lokalt. Dei fortel både at dei var på utkikk etter eit pensjonat, gjestiveri eller hotell. Thomas fortel at valet fall naturleg på Eidfjord fordi navnet og vegen Rv-7 var særskilt godt innarbeidd med eit mangfold av reiselivstilbod.

Ingrid gav uttrykk for at her vil vera store mogelegheiter og utfordringar både lokalt og i regionen framtidia.

Ingrid Josha fortel at ho kjem ifrå India og at ho har vore 2 år i landet. Ho har budd mange år i Sveits, Skottland og sist Hong

Kong der ho budde i 12-13 år. Ho fortel vidare at ho har arbeidd tilsaman om lag 20 år innan reiselivsnæringa.



Ingrid Josha og Thomas Edh

store opplevinga det var med bryllaup i Gamlekyrkja 29. april 2017. Dei hadde då vore i lag i 5-6 år. Her var tilsaman 85 inviterte gjestar frå Hong Kong, India, New York, Skottland og Storbritannia, Singapore / Australia og ifrå aust- og vestlandet / Bergen.

Me spør om Ingrid og Thomas er nøgde med den første sesongen her i Eidfjord.

Dei seier samstemte at dei så langt har vore nøgde både med vitjande og ibuarar flest. Dei vil både understreka at både Destinasjon Eidfjord, Reisemål Hardangerfjord og kommunen har vore gode støttespelarar. Dei vil særleg framheva lokale reiselivsaktørar og det gode samarbeidet med desse her i bygda.

Me spør om dei vil vidareføra dei mange mattradisjonar som pensjonatet alltid har vore kjend for. Dei er både oppekne av å kunna vidareføra gamle mattradisjonar med kortreist mat slik som Berit og Johan Vik. Samstundes synest dei at det er viktig å kunna tilby ein internasjonal meny. Dei har tilsett ein portugisisk kokk som har ein såkalla «Michelinrestaurantstatus». Dei vil også tilsetja ein kokk til neste sesong.

Me spør om arbeidsplassar og planar for framtidia. Dei fortel at her har vore 13 sesongarbeidrarar med i alt 4 årsverk. Alle sesongarbeidarane er skuleungdom ifrå Eidfjord.

Dei fortel vidare at dei har planar om omgjera «Mosstova» til ein turistshop d.v.s at dei ønskjer å marknadsføra souvenir og handverksarbeid. Dei er samstemte om at eit slikt tilbod til gjestane vil gagna turistnæringa generelt. Dette

vil etterkvart medføra 2 arbeidsplassar tilsvarende 1 ½ årsverk.

Med ei slik utviding vonar dei på ein endå betre sesong i 2018. Ingrid fortel vidare at dei før neste sesong vil ha møte med turoperatørar frå India, Hong Kong, Singapore for å utvide «skuldersesongen». Dette vil vera det første steg mot hovudmålsetjinga som er heilårsdrift. Thomas fortel at dei no er i ferd med å selja ein gard på Kongvinger slik at dei heilt og fullt kan koncentrera seg om vidareføring av Vik Pensjonat og hytter i Eidfjord.

Me har opplevd ein interessant samtal og vil til slutt ønskja Ingrid og Thomas lukka til med framtida og vidareutvikling av Vik Pensjonat og hytter.




Vik Pensjonat og hytter

20 ÅR MED GARNFISKESTATISTIKK FRÅ EIDFJORD STATSALLMENNING!

Ein stor takk til alle som bidreg og leverer statistikk. Lange tidsserier med statistikk er viktig dokumentasjon av bruk og utnytting av rettar. Samstundes vil statistikken gje grunnlag for bedre forvaltning av fiskeressursane.

- Samla tal for garnfisket viser stabil fiskeinnsats dei siste 5 åra. Avkastinga siste året viser ein liten auke, dette kan tyda på at det er gode årsklassar det no vert fiska på.

- I Nordmannslågen er fangstene stabile til tross for nedgang i garnfisket vist som garn/ha.
- I Tinnhølen er det samanheng mellom fangst og fangstintnsats. Det samme mønsteret viser statistikk for Langavatnet og Lakjen.



FELLINGSSTATISTIKK VILLREINJAKTA EIDFJORD KOMMUNE 2017

Statistikken seier ikkje kor dyr er felt, samtidig tordningar har betydning for fellingsresultatet for det enkelte område. Kvote omfattar total kvote med kalv. Felte dyr omfattar og kalv. Fellingsprosent er inklusiv kalv i kvote og felte dyr.

Vald	Tildelt	Felt	Fellingsprosent
Ha-1 Olavsdalen	41	10	24,4
Ha-4 Veigdalen	162	42	25,9
Ha-6III Sandvatnet	8	0	0
Ha-6II Viveliid	7	0	0
Ha-19 Verdal-Fivlingen	66	2	3
Ha-20 Drølstøl-Skisete-Hadle	58	4	6,9
Ha B Fet	3	0	0
Ha-21 Bjoreidalen søre	51	5	9,8
Ha-22 Nordre Bjoreidalen	79	4	5,1
Ha-23 Krossdal	46	5	10,9
Ha-24 Simadal	183	22	12
Ha-25A og C Maurset	20	1	5
Ha-26 A Kjæsen	26	0	0
Ha-26 Rembesdalen	28	1	3,6
Ha-27 Skår	7	0	0
Ha-28 Hansalia	5	0	0
Ha-283 Eidfjord statsallmenning	678	154	22,7

Politireforma

Tekst: Ivar Hellene, Lensmann.

Bakgrunnen for politireforma er eit utval som Stoltenberg II- regjeringa sette ned i 2012 for å analysera utfordringane i Norsk politi. Utvalet føreslo at det vart gjennomført 2 reformer i politiet, ein struktur og ein kvalitetsreform. Solberg regjeringa tok "ballen" vidare, og presenterte i mai 2015 det dei kalla for "nærpolitireforma". Hovudmålet med reforma var å effektivisera politistyrken i Noreg, ha fokus på kultur og leiing, og stilla krav til responstid. Ein del av reforma var og endringa av struktur der vi gjekk frå 27 politidistrikt til 12, og talet på lensmannskontor vart redusert frå 341 til 221 fysiske tenestestader.

For oss som bur i indre Hordaland/ Hardanger betyr det at Hordaland politidistrikt og Sogn & Fjordane politidistrikt frå 1.1.2016 vart eitt politidistrikt med ein politimeister, som har hovudkontoret i Bergen. Lokalt i indre Hordaland og Hardanger betyr det at lensmannskontora i Vaksdal, Ulvik og Jondal, (Eidfjord, Ullensvang) vert lagt ned frå 1.1.18. Kommunane Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Osterøy blir ein tenesteeining (lensmannsdistrikt) med tenestested (lensmannskontor) på Voss og på Osterøy. Kva namn som vert nytta på tenesteeininga er ikkje avgjort enno, og det skal opp i "Kongen i Statsråd" for endelig avgjersla. Før den tid skal alle kommunane i distriktet få uttala seg.

For innbyggjarane i Eidfjord betyr dette at Voss lensmannskontor vert Dykkar lensmannskontor, der de kan tinga pass, få hjelp innan forvaltningsområdet, den sivile rettspleia m.m. Skjer det noko

straffbart eller ei ulukke er det tenestemenn frå Voss som kjem for å yta den hjelp som de har behov for. Denne endringa er ein naturlig konsekvens av Hardangerbrua, som gjer at Voss no er nærmere Eidfjord enn Odda i reisetid. Vi ser at mange innbyggjarar i Eidfjord alt nytta Voss lensmannskontor for å få pass eller hjelp i forvaltningssaker, og tenestemenn frå Voss er ofte dei fyrste på staden dersom det skjer ei ulukke eller eit straffbart forhold i Eidfjord, og som krev rask utrykking.

Det som er skildra over er det som dei vanlige innbyggjarane vil leggja merke til, men det er også mykje som ein ikkje vil leggja merke til dersom ein ikkje arbeider i politi- og lensmannsetaten, eller på anna måte er tett knytt til etaten. Det er peika ut 6 hovudfokusområde som skal effektivisera politiarbeidet, og betra det totale polititilbodet til publikum. Dei 6 hovudfokusområda er:

- Politiråd og politikontakt som skal gje eit tettare samarbeid mellom politi og kommune.
- Tenestekontoret som skal utarbeida kunnskapsstyrte tenestelister der ein ser heile distriktet under eit for å optimalisera vakt og beredskap.
- Politipatruljen som skal gjeira meir av politiarbeidet ute blant publikum med ny teknologi og høgare kompetanse, slik at vi får eit meir effektivt politi og raskare sakshandsaming.
- Operasjonssentralen som styrer alle operative ressursar (politibilane) i heile distriktet (Hordaland og Sogn & Fjordane) der ein ser dei operative oppgåvane under eit.
- Felles straffesaksinntak betyr at det er dei same tenestemennene og politjuristane som går gjennom alle politisakene og som bestemmer kva saker som skal prioriterast og ikkje prioriterast. Dette skal effektivisera straffesakshandsaminga og på den måten syta for at alvorlege straffesaker får den prioriteten som ein kan vente.
- Etterretning skal heva kunnskapen om kvar og når straffbare handlingar skjer, oppdaga straffbare handlingar på eit tidlig tidspunkt, slik at vi kan styra innsatsen til område og tider der behovet er størst.

Alt dette skal gje oss eit betre politi, men det er framleis dei som arbeider i politi- og lensmannsetaten som er viktigast. Difor er det avgjerande at vi har nok tilsette til å utføra den jobben som vi er sett til, og soleis syter for at alle innbyggjarane får den polititenesta som dei har krav på, og som ein ventar av det norske

samfunnet. Dersom tenesteeininga vår får ei tilsvarende bemanning som andre tenesteeiningar vi kan samanlikna oss med rundt i landet, vil alle innbyggjarane i dei 6 kommunane få ei betre polititjeneste i tida som kjem, enn dei har hatt fram til no.

Toneskredo ynskjer velkommen til jolekonsert

Tysdag 19. desember 2017!

Blandakoret Toneskredo har vore så heldig å få øva inn eit flott jolerepertoar (utan notar!), igjen under leiing av Tom Jarle Istad Kristiansen!

19. desember kl 19 skal de få sjå og høyra resultatet – då inviterer Toneskredo igjen til stemningsfull jolekonsert i Eidfjord kyrkje. Det blir eit nydeleg og variert program denne førjolskvelden, med fleire solistar og orkester. Vetlaskredo er også med!



Tom Jarle Istad Kristiansen

I ei kyrkje pynta med masse levanda ljós ynskjer me å gje publikum den rette jolestemninga.

Billettar kan kjøpast på førehand på YX Eidfjord eller på turistkontoret i Eidfjord, og sjølvsgåt i døra konsertkvelden.

Kontakt Toneskredo:
Marit Stadheim - Tel. 47250120



Blandakoret Toneskredo. Foto: Elise Sæle

NY AVLAUPSPUMPESTASJON

Tekst og foto: Kjell Arild Kvale

Her vert det bygd ny avlaupspumpestasjon – med toalett som skal inngå i Turistvegprosjektet. Eidfjord kommune har ansvar for drift av pumpestasjonen, mens Turistvegprosjektet har ansvar for toaletta.



Lokalhistorisk butikk

Er du seint ute med jolegåvene? På kommunehuset kan du kjøpa interessante bøker om natur, kultur og folkeliv i Hardanger. Garantert suksess!

BOK / HEFTE / ANNA	PRIS	ANNA	PRIS
Minnedagar. Illustrert av Kari Vivelid. Utgjeven i 2008 av Eidfjord Historielag.	kr 250,-	Kortstokken Peik Nytt opplag av Nils Bergslien (1853 –1928)sin humoristiske kortstokk frå 1898	kr 100,-
Naturhistorisk vebok. Hordaland, 2004	kr 490,-	Johan Høel. Mappe med ulike kunstkort	kr 40,-
Gards- og ættesoge for Eidfjord, 1991	kr 500,-	KUNSTRYKK	
Bygdesoge for Eidfjord, Ulvik og Eidfjord. 1977 (to bind)	kr 250,-	Fra Vik. Atkinson. Uten/med ramme	kr 150,-/300,-
Dei tre Bergslukunstnarane. Dagestad. Nytt opplag 2000	kr 200,-	Skytjefoss i Simadal. Johannes Flintoe. Uten/med ramme	kr 150,-/300,-
Kvardagsminne – Eidfjord 1900 –1950 . 1997	kr 120,-	Blomeeng. Johan Høel. Uten/med ramme	kr 150,-/300,-
Gamle ferdslivegar frå Eidfjord over Hardangervidda. 1993	kr 95,-	Eidfjord Hotel. Nils Begslien. Uten ramme	kr 150,-
Hæreid, kulturhistorisk vegvisar. 2001	kr 30,-	Trollgilde. Kari Vivelid. Uten ramme	kr 150,-
Hardanger og fjorden. Ny bok 2005	kr 398,-	TURKART	
Bergslimålarane. Thor Warberg Silja Forlag Ny bok i 2008	kr 298,-	Turkart for Eidfjord	kr 100,-
Over fjord, fjell og fonn. Driftehandel med storfe i Noreg ca 1850 – 1930. Anna H. Tobiassen	kr 200,-	Bygdekart for Eidfjord & Øvre Eidfjord	kr 10,- (pr. stk)
Eidfjord gamle kyrkje. Lars O. Bleie, 2009	kr 300,-	DVD FILM	
Shooting star. Eva Gustavson	kr 200,-	Med hjarta for Eidfjord. 2009	kr 150,-
Edens hage. Knut Markhus	kr 335,-		
Kulturhistorisk vebok Hordaland	kr 490,-		
Eidfjord 1891 - 2010, Frå fjord til fjell. Knut Grove, 2010	kr 500,-		
Fjorden var vegen. Elisabet Vallevik Engelstad, 2012	kr 400,-		
Heilagbrotet - eit lagnadsdrama om Ragna Asolfdotter. Torunn Ystaas, 2011	kr 150,-		
Reinen på Hardangervidda. Johan Vaa/Kjell Bitustøy	kr 500,-	Ved kjøp kontakt Eidfjord kommune på telefon 5367 3500. Me sender mot tillegg for porto.	



Jolegrantenning

Foto: Leif Vambheim

Eid fjord Lions stod for arrangementet i samband med jolegrantenninga laurdag 2.desember.



Jolekonsert

I Eidfjord kyrkje
Tysdag 19. desember kl 19.00

Toneskredo med

Vetlaskredo

Torbjørn Alfsen, gitar

Peter Haltorp, bass

Rune Mørland, trommer

under leiing av

Tom Jarle Istad Kristiansen

Billett kr. 200 (born i grunnskulen gratis)

Førehandsal (kontant og kort) på YX Eidfjord og på turistkontoret i Eidfjord frå 1. desember

Velkommen!

